



Verneområdestyret for Geiranger-Herdalen

Fråsegn

Verneområdestyret for Geiranger-Herdalen landskapsvernområde

«Oppstart planarbeid og utlegging av planprogram for felles sjøarealplan for kommunane Fjord, Stranda og Sykkylven»

Vi viser til

«Oppstart planarbeid og utlegging av planprogram for felles sjøarealplan for kommunane Fjord, Stranda og Sykkylven», med utvida høyringsfrist til 18. februar.

Forvaltning

Store delar av sjøarealet i planen høyrer inn under Geiranger-Herdalen landskapsvernområde. Landskapsvernområdet omfattar det meste av Geirangerfjorden og Sunnlyvsfjorden, og delvis Norddalsfjorden og Tafjorden. Verneområdestyret er overordna forvaltningsorgan for Geiranger-Herdalen landskapsvernområde.

Verneområdestyret må takast med på adresselista over partar og interesser av sjøarealplanarbeidet.

Verneområdestyret har ansvar for å forvalte Geiranger-Herdalen landskapsvernområde i tråd med internasjonale plikter, Forskrift om vern av Geiranger-Herdalen landskapsvernområde (FOR 2004-10-08), Naturmangfoldloven (LOV 2009-06-19) og Forvaltningsplanen Vestnorsk fjordlandskap (2008:04).

Desse rammene må takast med som premisser for planarbeidet.

Forvaltningsplanen for Vestnorsk fjordlandskap tilrådde allereie i 2004 å utarbeide interkommunal havbruksplan (kap 4.10), og verneområdestyret sluttar seg no til initiativet.

Føremålet med Geiranger- Herdalen landskapsvernområde er å:

- **ta vare på eit særprega og vakkert fjord- og fjelllandskap med eit rikt plante- og dyreliv**
- **ta vare på viktige kulturlandskap der fjordgardar setermiljø og kulturminne utgjør ein vesentleg del av landskapet sin eigenart**
- **ta vare på geologiske førekomstar og landskapsformer.**

Verneområdestyret kommenterer her sjøarealplanen ut frå gjeldande føremål og rammeverk.

Tema for planarbeidet

Natur og kultur overordna tema

Innanfor Geiranger-Herdalen landskapsvernområde vil temaet «Naturmiljø og biologisk mangfold» vere overordna og grunnlag for dei andre tema. Nettopp sjøareala i dette området har vore og er, ein livsnerve for næring, ferdsel, verdsarv og fellesgode. Natur- og kulturmiljøa langs og i fjordane er uløyselig knytte til sjøen.

Kulturminna og kulturmiljøa her byggjer på langsiktige kvalitetar med nasjonal interesse, og bør få eit eige tema.

Kulturminne og kulturmiljø

Sjøbruksplanen må fange opp medvitte rundt kulturminne og kulturmiljø langs og i fjordane.

Dei gamle Storfjordgardane er uløyselig knytte til fjorden som ferdselsåre og matauk. Langs heile strandsona i desse fjordane finn vi kulturminne etter sjøbruk: naust, støer, fortøyningar, murar, kaier og ilandstigningar, m m.

Næringsliv og næringsutvikling

Planar for næringsutvikling innanfor landskapsvernområdet må leggjast i tråd med det vedtatte rammeverket og føremåla for landskapsvernområdet.

Verneforskrifta set grenser for inngrep i området, som nye bygningar, anlegg og skilt, likeins ferdsel og forureining som kan skade kultur- eller naturmiljøet.

Val av næringsutvikling bør basere seg på å fremme berekraftige økosystem i det verdifulle fjordlandskapet. Sjøarealet inneheld viktige aspekt for natur- og kulturverdiane i luft og vatn, - også med tanke på berekraftig næringsutvikling. Fjordmiljø av dette kaliberet krev ei særleg kartlegging av økosystema rundt fiskeressursane. Korleis virkar dei ulike formene for fiskeri (tradisjonelt/nytt) inn på heilskapen i fjordmiljøa?

Fangst og fiske i sjø er tillate etter saltvassfiskelova. Havbeite utan synlege anlegg i overflata er tillete etter verneforskrifta, og det kan etter søknad givast løyve til etablering av landfeste for fortøyningar av merdanlegg i Norddalsfjorden og Tafjorden.

Forskrifta for Geiranger-Herdalen landskapsvernområde tek ikkje opp reiseliv som eit eige tema, men forvaltningsplanen viser til at verneverdiane heng nøye saman med tenestenæringa: «Det er utvilsamt natur- og kulturlandskapet; fjordane, fjella og fjordgardane som trekkjer turistar til området.» (Kap 4,8). Forvaltningsplanen peikar vidare på korleis naturbasert reiseliv utan stor tilrettelegging kan vere ei veksande næring i liten konflikt med verneverdiane. Samtidig blir båttrafikken nemnt som ei av utfordringane i framtida: «Sidan det er gitt generelt unntak for motorferdsel på fjorden, er det viktig å ha ein god dialog med dei som opererer farty som kan føre til problem med støy, forureining og belastning på strandsona.»(kap 4.11). Ei kartlegging av korleis dei ulike formene for ferdsel påverkar natur- og kulturmiljøa i fjordane vil her vere avgjerande for val av løysingar.

Infrastruktur og transport

Fjordtrafikken har auka i omfang sidan forvaltningsplanen uttrykte bekymring for slitasje, tryggleik og bølge-erosjon (2004.) Ein heilskapleg plan må ta høgde for ein besøksstrategi som ivaretar verneverdiane i fjordmiljøet ifht støy, lys, bårer, utslepp, inngrep og anna slitasje.

Naturmiljø og biologisk mangfald

Så å seie heile Geiranger- og Sunnlyvsfjorden har status landskapsvernområde, grunna på «eigenarta eller vakkert natur- eller kulturlandskap.»

Området huser også eit naturreservat, Hyskjett, som strekkjer seg ned i Geirangerfjorden.

«Geiranger-Herdalen landskapsvernområde er verneverdig som eit typeområde på eit fjordsystem med tilhøyrande variert natur i denne landsdelen. Det finst svært store landskapsmessige og biologiske variasjonar med eit rikt plante- og dyreliv over korte avstandar. Samspelet mellom natur og kultur gir området særpreg og store opplevingskvalitetar. Vernet skal ivareta eit eigenarta og vakkert fjord- og fjellandskap med eit rikt og variert plante- og dyreliv. Området har viktige kulturlandskap, der fjordgardar, setermiljø og kulturminne utgjør ein vesentleg del av landskapet sin eigenart.» (Kap 1.4).

Vernestatusen fordrar eit overordna omsyn til naturkvalitetane i desse områda. Omsynet omfattar artar, naturtypar, biologisk mangfald, landskapsform og landskapsart. Sjøarealet er avgjerande for mange av desse, og må få stor merksemd i ein sjøbruksplan. Viktige forekomstar av sjøfugl, rovfugl, stortareforekomstar, med tilhøyrande tidevannsbelt, fjordlier, edellauvskogar og rasmarkar med unik flora og fauna er alle uerstattelege delar av dette fjordbildet.

«Sunnlyvsfjorden og Geirangerfjorden er ein del av eit høgt prioritert inngrepsfritt område, og det einaste fjordområdet i Møre og Romsdal kor «villmarksområde» stadvis strekk seg heilt ut i sjøen». (Kgl res 08.10.2004).

Verdsarv

Status som verdsarv hos UNESCO gir også landskapsvernet internasjonal verdi, og utvidar desto meir krava til konsekvensutgreiing.

Fritidsbruk, folkehelse og friluftsområde

Landskapsvernet inneber høgt verdsette kvalitetar for både lokale, regionale og nasjonale brukarar. Desse må få stor plass i ein sjøbruksplan.

«I Geirangerfjordområdet byr naturen på sær sidsidige opplevingar frå fjord til høg fjell. Allemannsretten krev ei medviten haldning frå grunneigarar, aktive brukarar, reiselivet og friviljuge organisasjonar. Landskapsvernområdet er generelt lite påverka av tekniske inngrep, og har mange kvalitetar som innbyr til allsidige former for friluftsliv. Opplevinga av urørt natur, stille og ro er kvalitetar i naturen som blir høgt verdsett, jamfør inngrepsfrie område. Mange besøkande turistar til området inneber gjerne dagsbesøk og korte utfartar (Vorkinn og Hagen 2003). Friluftsliv er ein viktig aktivitet også for lokalt busette og tilreisande frå regionen.» (...) «Sunnlyvsfjorden og Geirangerfjorden er del av eit båtutfartsområde av nasjonal og regional verdi» (Forvaltningsplanen kap 4.7).

Den aktive organisasjonen Storfjordens Venner og det naturbaserte reiselivet i området er døme på brukarinteresser i tråd med vernekvalitetane.

Konsekvensutgreiingar

Forureining innanfor landskapsvernområdet omfattar både forsøpling, kjemiske middel, støy og andre påvirkningar som kan skade naturmiljøet (lys, droner, mm).

Kulturminne

Utgreiinga bør vere omfattande og oppsøkande. Verneområdestyret/Kulturvernseksjonen hos Møre og Romsdal fylke har mellom anna utført registrering av kulturminne i bølgesona (2019).

Landskap og naturmangfald

Utgreiinga bør vere omfattande. Registreringane og konsekvensane bør sjåast kvar for seg og samla. Desse må igjen sjåast i samanheng med naturmangfald, naturtypar og artar.

Kartleggingar og konsekvensutgreiingar ifht næringsutvikling vil vere avgjerande for val av strategi.

Korleis påvirkar ulik ferdsel fiskeressursar , sjøfugl, rovfugl, taeskog, erosjonsbelte og heile økosystem i fjordane?

For manglande registreringar eller usikker konsekvens på naturmangfaldet krevst nye data og førevar-omsyn.

For landskapssamanhangar trengst ei god heilskapleg forvaltning , noko vi ser fram til at komande sjøarealplan vil representere.

I «Storfjordprosjektet» vart landskapsrom nytta for å illustrere utfordringane eit slikt landskap gir forvaltninga:

«Fjordlandskapet med sine bratte fjellsider kan delast inn i klart avgrensa landskapsrom. I eit «visuelt» landskap kan endra bruk og større inngrep med utgangspunkt i ei samfunnsinteresse lett få negative konsekvensar for andre samfunnsinteresser. For å få til god og heilskapleg forvaltning av landskapskvalitetane kan dei avgrensa landskapsromma nyttast i ein lokal prosess for å oppnå «uformell semje» om visse prioriteringar i forvaltninga. Ein slik prosess må involvere tverrfagleg kunnskap om bevaringsverdige verdiar og kvalitetar, og dei ulike interessene knytt til landskapsrommet. På den måten kan ein kanskje bli einige om prinsipp og retningslinjer for forvaltning...» (Sitat Forvaltningsplanen , kap 2.3)

Fra: Rita Berstad Maraak <rima@stranda.kommune.no>
Sendt: mandag 14. februar 2022 20:50
Til: Trude Krokenes Lian
Kopi: Cato Andersen
Emne: 22/1419 Stranda hamnevesen - merknad til planarbeid og planprogram felles sjøareal for Fjord, Stranda og Sykkylven kommune

Epost frå Stranda hamnevesen

Formålet med ein felles Sjøarealplan for Fjord, Stranda og Sykkylven kommune er å utarbeide eit felles kunnskapsbasert forvaltningsverktøy for kommunene. Bakgrunn for planprogrammet er Plan- og bygningslova sin §14-1.

Stranda hamnevesen KF er positiv til tiltaket som er innovativt, framtidsretta og vil mest truleg bidra til eit endå betre samarbeid mellom fleire små kommuner. Ved at sjøarealplanen vert juridisk bindande for kommunene, kan dette bidra til ein vesentleg forbetring i planlegging og bruk av areal. Det er viktig for Stranda hamnevesen å peike på at framkome og ferdsel i farleia må ikkje verte hindra. Det er i periodar stor trafikk av cruiseskip, andre større og mindre passasjerfartøy og mindre fritidsbåtar. Sikkerhet må takast omsyn til og det må ikkje etablerast «hindringar» som bremsar ferdsel i sjøområdet.

Stortinget har vedteke krav om nullutslepp for turistskip- og ferger i verdsarvfjordane «så snart det er teknisk gjennomførbart og seinast innan 2026.» Parallelt med dette vert dei internasjonale krava til lågutslepp skjerpa. IMO sine TIER I-krav vart innført frå 2020, TIER II frå 2022 og TIER III frå 2025. Det må i all planlegging, bruk av areal, forvaltning og verdiskaping i Stranda kommune sitt sjøområde og nærliggande sjøområde, takast særskilt omsyn til dei utfordringane kommunen står ovanfor. Det gjeld spesielt energiforsyning og miljøbelastning, sett i lys av særskilt strenge miljøkrav. Dette gjeld straumforsyning både til ferger, store og små passasjerfartøy, lading av bussar og bilar for landtransport, samt anna næringsverksemd. Ei standardisert løysning for effektiv tilføring av energi (straum og hydrogen) til passasjerfartøy fins ikkje pr. i dag.

Lovheimel

Stranda hamnevesen KF uttaler seg i saka i medhold av Lov om havner og farvann <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2019-06-21-70> jf. § 14, tiltak som krev løyve og § 14, ledd 2 som gjeld sikkerhet og framkome i sjøområdet.

§ 14.Tiltak som krever tillatelse

Tiltak som kan påvirke sikkerheten, ferdselen eller forsvars- og beredskapsinteresser i farvannet, kan ikke etableres uten tillatelse. Som tiltak regnes både innretninger, naturinngrep og aktiviteter. Det kan ikke gis tillatelse til tiltak som vil stride mot bestemmelser gitt i eller i medhold av denne loven. Kommunen er tillatelsesmyndighet for tiltak som nevnt i første ledd som skal

settes i verk i kommunens sjøområde. Departementet er tillatelsesmyndighet for tiltak som

skal settes i verk i farvannet for øvrig. Det samme gjelder tiltak som skal settes i verk innenfor kommunens sjøområde, men som kan påvirke sikkerheten eller

fremkommeligheten i hovedled eller biled.

Uten hensyn til hvor tiltaket skal iverksettes, er departementet tillatelsesmyndighet for søknader som gjelder blant annet:

- a) akvakulturanlegg og andre merdanlegg i sjø
- b) energianlegg i sjø
- g) tiltak som krysser en kommunegrense, med mindre kommunene har inngått samarbeid som omfatter myndighetsutøvelse etter loven
- h) tiltak som kan skape vesentlige hindringer eller ulempe for den alminnelige ferdsel, herunder sprengning, større slep, omlasting fra skip til skip, seismiske undersøkelser og utprøving av utstyr

Myndigheten etter denne loven og kommunen som plan- og bygningsmyndighet skal foreta en effektiv og samordnet behandling av søknader om tillatelse.

Venleg helsing
Stranda hamnevesen KF
Rita Berstad Maraak

Saksnummer: 22/84

Adresse
Øyna 13
6200 Stranda
Telefon: 46411113
Epost:
rima@stranda.kommune.no

Kjell Even Vågsæter, kontaktperson
Sjøvegen
6200 Stranda
Epost: k-e-vaa@online.no

Henning Larsen
Trondheim/ Rambøll

Innspel til planprogramutkast og sjøarealplan for Storfjorden

Vi er ei gruppe brukarar av Storfjorden som vil nytte oss av retten til på kome med innspel både til planprogramutkastet og til komande felles sjøarealplan for Fjord, Sykkylven og Stranda kommunar. Vi brukar, og har brukt, fjorden til fritidsfiske og matauk og til rekreasjon for familiarne våre og slekt og vener. Og somme har hatt fjordfiske som ei attåtnæring. Slik har fjorden vore ein viktig ressurs både for store og små. Når vi studerer gamle kartmateriale over fiskeplassar skjønar vi at fjorden var sjølve livsnerven for at folk kunne overleve på dei gamle strand- og fjellgardane. Vi kan t.d. sjå at kvart bruk hadde sine definerte fiskeplassar.

Merknad til planprogrammet

I punkt 2.3 Natur og miljø set vi pris på at biologisk mangfald er vektlagt og at vi må ta vare på artsmangfaldet samtidig som natur og miljø i aukande grad er under påvirkning av «menneskelig aktivitet». Planen nemner døme på dette, men utelet å nemne den desidert største forureiningskilda av alle: Oppdrettsnæringa. Dette kritiserer vi. Denne næringa produserer ikkje berre enorme mengder fiskekloakk ureinsa rett i fjorden. I tillegg blir det utslepp av store mengder spillfor som inneheld diverse kjemiske stoff som er skadeleg for miljøet. Kvifor er ikkje dette omtala?

Det er positivt at planforslaget påpeikar kor viktig det er å ta vare på naturmangfallet og spesielt nasjonalt viktige artar. Villaksen, som no er blitt raudlista, er godt døme på det.

Det er og prisverdig at «utsatte områder for skred og flom skal synleggjøres». Vi vil i denne samanhengen nemne faren for tsunami frå Tafjord og Åkernese som, når den kjem, vil smadre oppdrettsanlegg og medføre ei miljøkatastrofe av dimensjonar for heile Storfjorden.

Felles sjøarealplan

Avstand oppdrettsanlegg lakseførande elv

Mattilsynet har anbefalt minsteavstandar mellom oppdrettsanlegg og lakseførande elv på 2,5 km. Dette er avgjerande viktig for å redusere lusefare for utvandrande smolt og gyteferdig laks på veg til elv. Dette har blitt ekstra viktig no når laksen er blitt raudlista. Dei fleste av anlegga i Storfjorden ligg mykje nærmare elveos enn denne tilrådinga. Dette må planen ta tak i og krevje fjerning av anlegg som bryt med Mattilsynet sine retningslinjer.

Registrerte endringar etter 50 år med oppdrett i Storfjorden

Kartmateriale frå 1894 over fiskeplassar viser at her har vore rikt fiskeri både av djupvassfisk og hyse, lyr og torsk på gytevandring. Det desse karta viser er resultatet av mange generasjonars erfaring med ulike fiskereiskap, sesongfiskeri, botnforhold, fjordstraumar blant mange, mange andre forhold. Kvart bruk hadde eigne fiskeplassar. Desse opplysningane har vi så fått i «arv» frå dei som trengde fjorden for å livberge seg. Desse karta omfattar mellom anna området Skafjellet – Overåneset, Synnylvsfjorden og området rundt Skrenakken.

Før ca 2000 årsskiftet var her årleg hyseinnsig i januar/februar og torsken litt seinare. Vi vil gjere merksam på nokre av dei mest urovekkande endringane dei siste ca 20 åra:

- Gyteinnsiget av hyse og torsk har uteblitt
- Linefiske etter lange og brosme gir ikkje fangst
- Uren er borte

- Sjøauren er borte. I flg Havforskningsinstituttet er sjøauren sterkt utsatt for påvirkning av lakselus.
- Blåskjelfeltet er sterkt redusert. Vi ser nesten ikkje blåskjel lenger.

Dette er nokre av dei endringane vi har observert spesielt frå Skafjellet til midtre del av Synnlyvsfjorden. Vi er svært uroa over desse endringane, og vi meiner det er ein samanheng med både kloakk – og kjemikalieforureining frå oppdrettsnæringa.

Konsekvensanalyse av sjøkvaliteten

Pga den store forureininga som oppdrettsnæringa forårsakar er det viktig å undersøkje sjøkvaliteten når det gjeld både oksygeninnhald og miljøskadelege kjemikalier. Då er det nødvendig å utføre slike granskningar både under merene og i fjorden elles. Rutine på dette må kome med i planen.

Konklusjon

Storfjorden har forhold som gjer den ueigna til oppdrett, og det gjeld også evt. oppdrett av andre fiskeslag enn laks og ørret :

- Deler av fjorden er verdsarvområde (Sunnlyvsfjorden, Geirangerfjorden og Tafjord)
- Her er mange lakseførande elvar: Bygdaelva i Sunnlyven, Strandaelva, Ramstadelva, Straumegjerdeelva, Stordalselva, Valldalselva, Eidsdalselva, Nordalselva og Tafjordselva. I tillegg kjem ei heil rekke med mindre elvar og vassdrag som er registrerte som gyteplassar for sjøaure. Uansett plassering av anlegg vil smolt og laks og sjøaure måtte passere desse lusekonsentrasjonane og blir utsett for angrep.
- Som før nemnt vil ein tsunami frå Tafjord/Åkerneset representere ei enorm miljøkatastrofe ved kollaps av oppdrettsanlegg. Så er her også svært mange andre rasfarlege fjell. Skafjellet der det siste anlegget er etablert, er eitt døme. Der ligg føre fersk skredrapport frå NGI.
- Tungtvegande er det også at fjorden er sterkt redusert som rekreasjonsområde for både fastbuande og turistar. Vi vil ha brosmefjorden, hyse- og torskefjorden og sjøaurefjorden tilbake!
- Plan for utfasing av oppdrettsnæringa må bli ein del av sjøarealplanen.

Stranda, 02.02.2022

Medlemar av Stranda småbåtlag

Kjell Even Vågsæter, kontaktperson Harald Sørheim Karsten Havnegjerde

Marianne Os Johansson Peter Johansson Petter Korsadal

Arne Naustdal Sigmund Vikan Rolf Giskehaug

Per Arne Helsem Bjørg Helsem Dirk Urban

Ottar Remme Roger Sylte Jan Arne Slyngstad

Sjøarealplan 2022 innspill

- Atlantisk laks havnet for første gang på den norske rødlisten for arter i november 2021, med status Nær Truet (<https://artsdatabanken.no/lister/rodlisteforarter/2021>). Dette gir laksen status som en art med "Stor nasjonal forvaltningsinteresse" (<https://nettarkiv.miljodirektoratet.no/hoeringer/tema.miljodirektoratet.no/no/Tema/Arter-og-naturtyper/Arter-av-nasjonal-forvaltningsinteresse/Om-Arter-av-nasjonal-forvaltningsinteresse/index.html>). Laks er også en norsk ansvarsart, fordi mer enn 25 % av den samlede europeiske bestanden finnes i Norge (<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/stmeld-nr-21-2004-2005-/id406982/?ch=3>). Dette gir Norge et særlig forvaltningsansvar for denne arten.
- Laksens status som nær truet skyldes en kombinasjon av ulike menneskeskapt trusler. Lakselus og rømt oppdrettslaks, som begge knyttes direkte til oppdrett av laksefisk i åpne merder, er av Vitenskapelig råd for lakseforvaltning vurdert å være de viktigste truslene mot laks i Norge (<https://brage.nina.no/nina-xmlui/handle/11250/2830680>). Lakselus er også den største trusselen mot sjøørret (<https://brage.nina.no/nina-xmlui/handle/11250/2629316>).
- Bestandsstatus for laks og sjøørret har hatt en svært negativ utvikling i en rekke av elvene i kommunene som inkluderes i sjøarealplanen (<https://www.radgivende-biologer.no/rapporter/ar-2020/drivtelling-av-sjoorret-pa-sunnmere-hosten-2019/>; <https://norceresearch.brage.unit.no/norceresearch-xmlui/handle/11250/2757122>). Av laksebestandene i disse kommunene er 6 vurdert etter "Kvalitetsnorm for villaks", hvorav 3 bestander har svært dårlig status, 1 har dårlig status og 2 har moderat status (<https://www.vitenskapsradet.no/VurderingAvEnkeltbestander/#/map>).
- Valldøla, Eidsdalselva og Norddalselva har i flere år vært stengt for fiske, med tap av inntekter for fiskerettshavere, og tap i millionklassen om en inkluderer ringvirkningene av fisketurisme som tidligere kom disse bygdene til gode. Se f.eks. <https://brage.nina.no/nina-xmlui/handle/11250/2580264> for en beregning av økonomiske ringvirkninger av laksefiske i Norge.
- De aktuelle kommunenes sjøarealer ligger alle i produsjonsområde 5 i det såkalte trafikklyssystemet. Dette systemet er laget for å regulere mengden oppdrett av laksefisk i åpne merder langs norskekysten. Estimert dødelighet for lakse-smolt som følge av lakselus har variert fra år til år i dette produsjonsområdet, og i 2019 var dødeligheten så høy (> 30 %) at trafikklysfargen ble rød (<https://www.regjeringen.no/contentassets/e2ce5edb567341eb8ac15fd46714417f/styringsgruppens-evaluering-av-produksjonsomrader-2021.pdf>). Innenfor produsjonsområdet er det imidlertid store variasjoner i luserelatert dødelighet for laks fra ulike fjordområder. I fjordområdene langs kommunene Fjord og Stranda har luserelatert dødelighet for laks vært langt høyere enn for andre elver i regionen, fordi lakse-smolt fra disse elvene må vandre en lang rute forbi mange oppdrettsanlegg for å komme til havet. Om trafikklyssystemet hadde operert på kommunenivå i stedet for på produsjonsområde-nivå, ville kommunene Fjord og Stranda fått rødt lys de fleste år (se f.eks. side 16-18 i <https://www.regjeringen.no/contentassets/3d127a90edbc4d34a1ded5125e41f31e/appendiks-vi-utvandring-av-virtuell-postsmolt-2020-hi.pdf>).
- For å ta hensyn til vill laks og sjøørret bør en strategi for overgang fra åpne til lukkede oppdrettsmerder inngå i sjøarealplanen. Ønske om dette har også blitt ytret av den største oppdrettsaktøren i indre del av fjordsystemet, Hofseth Aqua, ved en rekke anledninger. Produksjon av laksefisk i åpne merder i disse fjordene bør reduseres.

- Merk at også laks og sjøørret fra elver i nabokommuner, som Ørskogelva, Solnørelva, Bondalselva, Norangdalselva og Vikelva, påvirkes av denne sjøarealplanen. Dette fordi sjøørret og laksesmolt som svømmer ut av disse elvene må svømme forbi oppdrettsanlegg i f.eks. Sykkylven kommune på vei mot havet.

- Dersom arealer for akvakultur med åpne merdanlegg vurderes utvidet eller flyttet i den nye sjøarealplanen, bør fagmiljøer få i oppgave å modellere hvordan dette vil påvirke smittepress av lakselus på vill laksesmolt og sjøørret sammenlignet med dagens situasjon. Havforskningsinstituttet har f.eks. verktøy og kunnskap til å utføre en slik modellering. Det er nemlig slik at både volum av oppdrettsfisk og oppdrettsanleggenes posisjon relativt til de ulike elvene kan ha stor innvirkning på hvilke bestander som påvirkes, og hvor mye de påvirkes.

- Konsekvenser for vill laks og sjøørret, inkludert konsekvenser for fritidsfiske etter laks og sjøørret i elvene i kommunen, bør utredes spesifikt under temaene «Friluftsliv og folkehelse» og «Naturmangfold». Selv om laks og sjøørret i hovedsak fiskes i ferskvann, er påvirkning fra oppdrett i sjø den viktigste årsaken til at bestandene krymper og blir for små til at fisket kan fortsette.

Henning Larsen
Trondheim/ Rambøll
Pb 9420 Torgarden
7493 Trondheim

FELLES SJØAREALPLAN FJORD, STRANDA, SYKKYLVEN. INNSPILL FRA HOFSETH AQUA AS.

1 Innledning

Hofseth Aqua AS sender med dette sine innspill til planprogram og planprosess for felles sjøarealplan i kommunene Fjord, Stranda og Sykkylven.

1.1 Kort presentasjon av virksomheten

Hofseth Aqua (heretter «HA») er oppdrettsdelen av sjømatkonsernet Hofseth International, og har hovedkontor i Ålesund, men driver næring i det aktuelle planområdet. HA er et helintegreert oppdrettsselskap med sju matfiskkonsesjoner, egen settefiskproduksjon, seks sjølokaliteter, eier av egen brønnbåt og eget slakteri. Selskapet har også nylig fått tildelt en visningskonsesjon og driver flere FoU-konsesjoner, og har en årlig produksjon på om lag 20 000 tonn regnbueørret, laks og økologisk laks fra sine sjølokaliteter i Storfjorden i Fjord, Stranda og Sykkylven kommune.

1.2 Sammendrag av innspill


I denne innledende fasen av planprosessen vil vi benytte anledningen til kort å presentere HA og vår virksomhet og fokus på bærekraft. HA er den eneste aktøren som driver oppdrett i Storfjorden, og har drevet samvittighetsfullt og forsvarlig i en årrekke. Nå har vi ønsker om videre drift og utvikling, på naturens premisser i tråd med bærekraftsmålene. Vårt mål er et tett samarbeid med kommunene, og mest mulig drift i tråd med eksisterende planer fremfor tillatelser gjennom dispensasjon.

Vi ønsker å bidra aktivt i planprosessen, og stiller oss til disposisjon for deltakelse i ressursgrupper. Vi har lav terskel for å svare på spørsmål og bidra til avklaring, og varsler samtidig at vi vil komme tilbake med mer detaljerte innspill senere i planprosessen.

2 Innspill til planprogrammet

2.1 Nærere om selskapets næringsvirksomhet og fokus på bærekraft

HA driver omfattende næringsvirksomhet i det aktuelle planområdet. Fra starten har det vært sentralt for selskapet å holde de ulike delene av oppdrettsvirksomheten tett integrert og nært hverandre geografisk. Storfjorden er navet i selskapets virksomhet, gjennom blant annet et topp moderne klekkeri i Tafjord og seks oppdrettslokaliteter i Storfjorden.



Bilde 1: Oversikt over HAs næringsvirksomhet og planer i Storfjorden.

HA er den eneste akvakulturvirksomheten som driver oppdrett i Storfjorden, et ansvar vi har tatt på det største alvor. Vi gjør et omfattende arbeid med å omstrukturere fjorden for optimal lokalitetsplassering og slik sikre ansvarlig drift. Her fjerner vi en av våre lokaliteter for å bedre miljøtilstanden. I denne sammenhengen har vi lagt avgjørende vekt på:

- Fiskehelse
 - Smittekartlegging mellom lokaliteter
 - Risikovurdering
 - Optimalisert plassering av lokaliteter

- Miljø på lokalitetene
 - Samlet vurdering av miljøundersøkelser
 - Risikovurdering – knyttet til høyere MTB pr. lokalitet
 - Optimal plassering av anlegg

- Innvirkning på nærmiljø
 - Vurdering av diversitetspåvirkning (hummer)
 - Vurdering av interaksjoner med villfisk (rømming og lakselus)
 - Vurdering av oppdrett og verdensarvområder

Som en del av vårt omfattende bærekraftsprogram har vi videre sørget for at våre oppdrettslokaliteter i fjorden har ASC-sertifisering. Aquaculture Stewardship Council (ASC)-standardene for ansvarlig sjømatoppdrett er ment å sikre at sjømaten blir produsert på en måte som minimerer eller eliminerer sosial og miljømessig påvirkning fra akvakulturoppdrett. Dette er strenge standarder, der HA må overholde et sett av krav innenfor både planlegging, utvikling og drift for å sikre miljømessig bærekraftig og sosialt ansvarlig praksis.

Våre internkontrollsystemer for overvåkning av lokalitetene, fiskehelse og påvirkning på det ytre miljø er svært strenge og omfattende, og vi har gjennom mange år vist oss tilliten verdig når det gjelder forsvarlig drift i et unikt fjordområde.

2.2 Planer for fremtidig drift

HA ønsker å fortsette og videreutvikle akvakulturvirksomheten i fjorden. Vi etablerer et nytt visningsanlegg i løpet av året ved Vindsneset i Fjord kommune, og har i den forbindelse investert i en helelektrisk båt til frakt av besøkende. På denne måten vil vår aktivitet i og rundt verdensarvområdet i indre del av Storfjorden ha minimal påvirkning på miljø og klima. Dette gjør vi i tråd med vår målsetting om å være ledende på bærekraft og nullutslipp, noe som også viser igjen i vårt arbeid med Forprosjekt nullutslipp 2025 i Storfjorden, der vi i partnerskap med andre aktører har utredet muligheten og realiseringspotensialet av å installere flytende kraftproduksjons-øyer eller «Power Islands i Storfjorden, for å forsyne helt ureist eller kortreist solenergi til HAs oppdrettsaktiviteter i Storfjorden og omegn.

Vi ønsker videre å etablere verdens reneste oppdrettsanlegg. Gjennom å etablere et lukket, landbasert anlegg i Raudbergvika i Fjord kommune ønsker vi å eliminere utfordringene som lakselus og rømt oppdrettslaks representerer. Eventuell tillatelse til denne virksomheten vil måtte finne sin løsning gjennom konkret saksbehandling hos relevante myndigheter. Det er likevel sentralt å løfte dette inn i planarbeidet som et eksempel på våre ønsker om videre næringsutvikling, slik at planprosessen kan ta høyde for kompleksiteten og omfanget av virksomheten i det videre.

Vi mener oppsummeringsvis at havbruksrelatert virksomhet har et stort potensial for vekst, og det er viktig at egnet areal for havbruk fortsatt avsettes til dette formålet.

Samtidig må dette balanseres slik at virksomheten ikke bidrar til større konsentrasjoner av lakselus og rømningsfare i fjorden, eller går utover villaksstammen. Det er derfor helt avgjørende at aktører som driver akvakulturvirksomhet er langsiktige og seriøse. Det må derfor stilles strenge krav til eventuelle nye aktører, og vår primæroppfatning er at fremfor å legge til rette for nye aktører, bør det prioriteres en samlokalisering til større og færre produksjonsenheter med større avstand der det foreligger en samordnet plan for å forebygge og redusere internsmitte av lus og sykdom.

2.3 Særlig om virksomhetens betydning for lokalsamfunnet

Vi vil i forbindelse med planarbeidet tillate oss å trekke frem at HA er en stor arbeidsplass som legger betydelig vekt på å gi tilbake til lokalmiljøet. Dette i form av arbeidsplasser og tilhørende skatteinntekter for kommunene, indirekte inntekt til kommunene fra havbruksfondet m.m. Vi bidrar også til å sikre bosetting og næringsvirksomhet i distriktene, og fokuserer på lokal rekruttering gjennom f.eks. å tilby lærlingeplasser til elever fra Stranda vgs.

3 Avslutning

Som ansvarlig og langsiktig næringsaktør har vi behov for forutsigbare rammevilkår, og ønsker ikke å basere vår drift på dispensasjoner. Vi er derfor positive til at det blir lagt opp til en interkommunal plan som ser helhetlig på hele fjordsystemet og vurderer næringsvirksomheten opp mot fjordens tåleevne.

For HA er det avgjørende at planprosessen legger opp til å diskutere hvordan videre utvikling og vekst kan skje innenfor rammene av hensynet til naturen, bærekraftsmålene og de særlige hensynene som må tas i et verdensarv- og landskapsvernområde.

Vår ambisjon er fortsatt vekst og utvikling i en bærekraftig oppdrettsnæring, og vi ser fram til godt samarbeid med planaktørene i videre prosess. Vi vil følge planarbeidet tett, og komme med mer detaljerte innspill etter hvert. Samtidig stiller vi oss til disposisjon for deltagelse i ressursgrupper og lignende, og bidrar mer enn gjerne til avklaringer og svarer på spørsmål underveis i prosessen.

Ålesund, 28. januar 2022



Svein Flølo

Chief Operating Officer
Hofseth Aqua AS

Innspel til oppstart, planlegging samla sjøarealplan.

Laksen er no komen på raudlista for arter i Norsk fauna.

Det vil seie: Klassifisert som Stor nasjonal forvaltningsinteresse

Stordal Elveeigarlag har som overordna mål å arbeide for ei berekraftig forvaltning av lakse- og sjøaurestammen i Stordalselva. I den rullerande driftsplanen for elva, som er vedteken for perioden 2019 til 2025, er følgjande målsettingar sett opp for planperioden:

«Utvikling av bestandane med sikte på auka avkastning, til beste for rettshavarar og fritidsfiskarar. Utvikling av bestandane med sikte på å auke det haustbare overskotet.»

Denne målsetjinga er heilt i samsvar med føremålsparagrafen (§1) i Lov om laksefisk og innlandsfisk mv.:

«Lovens formål er å sikre at naturlige bestander av anadrome laksefisk, innlandsfisk og deres leveområder samt andre ferskvannsorganismer forvaltes i samsvar med naturmangfoldloven og slik at naturens mangfold og produktivitet bevarer. Innenfor disse rammer skal loven gi grunnlag for utvikling av bestandene med sikte på økt avkastning, til beste for rettighetshavere og fritidsfiskere.»

Målsetjinga vert underbygd av stortingsproposisjon nr 32 (2006-2007) der det går fram at:

«fiskens leveområder skal forvaltes slik at naturens mangfold og produktivitet bevarer, og negative påvirkningsfaktorer skal identifiseres og fjernes. Der dette ikke er mulig, skal virkningen av de negative påvirkningene på laksebestandens produksjon, størrelse og sammensetning motvirkes eller oppheves gjennom tiltak.»

Vidare heiter det i proposisjonen:

«Den internasjonale anerkjente føre-var-tilnærmingen i lakseforvaltningen skal legges til grunn av alle involverte sektorer. Ved inngrep og andre påvirkninger er utgangspunktet at den som forvolder skade på ressursen, skal gjenopprette eller kompensere for skaden. Innenfor disse rammene skal lakseressursene forvaltes til størst mulig nytte for samfunnet, rettighetshavere og fritidsfiskere.»

Den største trusselen for laks, ref. Vitenskapeleg råd for lakseforvaltning (VRL), er lakselus og rømt oppdrettslaks. Spesielt lakselus er ein stor trussel for sjøaurebestanden i fjordane, og for laksesmolt frå elvane og ut fjordane når dei skal ut i havet.

I høve Havforskningsinstituttet sine målingar gjennom ganske mange år i Storfjorden, har det vore og er store førekomstar av lakselus i Storfjorden.

Storfjorden vart i 2021 satt på raudt lys i systemet for måling av lakselus. Dette inneber at minst 30 % av utvandrande smolt stryk med på vei ut til havet. Enkelte år er det berekna mykje høgare enn 30 %. Konsekvensen for sjøaure er ikkje vitenskapeleg målt på same måte, men det er utvilsamt stor dødelegheit blant sjøauren, pga lakselusa.

VRL sin klassifisering av Stordalsvassdraget viser at den genetiske integriteten er dårleg, dette er et resultat av genetisk innblanding av rømt oppdrettslaks over tid.

Hausten 2018 og hausten 2019 fekk vi løyve frå Fylkesmannen til utvida utfiske av oppdrettslaks. Det var tatt ut til dels mykje oppdrettslaks desse 2 åra, i oktober og november.

Vidare viser VRL til at gytebestand og haustbart overskot av laks er svært dårleg og at det ikkje var oppnådd GBM i 2018 og 2019.

<https://www.vitenskapsradet.no/VRLReport#/report/88>

Bestanden av sjøaure og laks i elvane kan målast på mange måtar. Gjennom fiske i elvane med gode fangstrapportar over mange år viser dei svingingane som er i bestanden. Årlege yngelregistreringar og drivteljingar av laks og sjøaure i elvane på hausten viser og tydelege trendar av bestandsendringar.

Stordal Elveeigarlag har fått utført årlege teljingar både av yngel og gytefisk i ein del år. Dette og gode fangstrapportar viser ein klar og tydeleg nedgang i bestandane våre. Spesielt nedgang i sjøaurebestanden dei siste 20 åra, og for laks er det spesielt dei siste 4 åra vore ein stor nedgang. Det er klart at grunnen til dette er kompleks, det er mange faktorar som spelar inn i dette kompliserte reknestykket.

Stordal Elveeigarlag har brukt til dels store ressursar på å dokumentere bestandane dei siste åra. Spesielt begrepet GyteBestandsMålet (GBM) er eit viktig måleparameter. Det er eit vitenskapeleg begrep som måler kor mykje holaks der må vere i elva om hausten for at reproduksjonen skal vere tilfredsstillande. Den mengde laks som overstig gytebestandsmålet er å rekne for haustbar ressurs av laksebestanden. Om ein ikkje klarer å oppnå GBM, er der ikkje haustbart overskot i elva og då må ein korte ned fiskesesong, sette sterke fangstrestriksjonar eller stenge elva for fiske.

Den viktigaste grunnen til nedgang, som også VRL påpeikar, er den store mengda med smolt som dør på sin ferd ut mot havet. Lakselusa er en av dei største truslane mot villaksen. Dette er ikkje noko vi som forvaltarar kan gjere noko med, det vi fokusera på er habitat forbeholdende tiltak. Samt å stenge ned/korte ned fiskesesongen når det er nødvendig.

[Sjå 2 vedlegg: Oversikt 2019 og oversikt 2021](#)

Dei siste 4 åra har Stordal Elveeigarlag brukt om lag kr. 920.000.- På dokumentering av bestandar og habitat tiltak for å betre reproduksjons tilhøva for laks og sjøaure. Denne summen er fordelt mellom kontante utlegg og dugnad/eige arbeid, med om lag like store delar på kvar. Laget har fått restaurert dei fleste gytebekkane for sjøaure og har starta restaurering av gytehabitat for laks.

Ved prosjektet til Lakseelvane på Sunnmøre, meir laks og sjøaure i elvane, har vi fått utført ein stor habitat undersøking i vassdraget.

Denne dannar grunnlaget for større habitat tiltak i vassdraget, spesielt retta mot laks. Her har vi starta planlegginga av gjenåpning av 4 sideløp i vassdraget og dette vil koste til dels store summer.

Stordalsvassdraget har store problem med bestanden av laks og sjøaure. I 2018 oppnådde vi ikkje GBM i elva og vi korta ned sesongen i 2019 med 50 %. Og innførte meget sterke fangstrestriksjonar. I 2019 oppnådde vi ikkje GBM i elva og vi stengte elva for fiske i 2020. I 2021 korta vi ned sesongen til ein måned, dvs 2/3 nedkorting. Og sterke fangst restriksjonar

Ein normal god fiskesesong hos oss, skaper om lag 4-5 millionar kr i omsetning i Stordalsamfunnet.

Det viser til salg av fiskekort, salg av overnatting, salg av mat og andre ting som laksefiskarar, mest tilreisande, legg att i Stordalsamfunnet. Som lakseelva skaper/genererer i omsetning.

Det at elva er stengt eller har sterkt redusert sesong har stor betydning. Det er fleire elver lenger inne i Storfjorden som har det verre enn oss og har hatt stengte elver i lenger tid. Fleire elver er også komen inn i Genbanksystemet og der blir brukt store ressursar på å få bestandane opp på eit akseptabelt nivå.

Viser også til innspel frå Lakseelvane på Sunnmøre

Ved å opp summere litt ser vi at det er mange elvar som har store problem med bestandane av laks og sjøaure i Storfjorden. Det blir brukt store beløp og store ressursar på å redde bestandar gjennom Genbank systemet. Det blir brukt store beløp og ressursar på å redde vassdragsvise bestandar ved habitat tiltak i dei enkelte elvane. Bestandane i enkelt elvane er veldig godt dokumentert og ein ser klart korleis nedgangen er både for sjøaure og vill laks. Det har til dels store økonomiske konsekvensar for enkelte lokalsamfunn, når lakseelva blir stengt eller sterkt redusert over fleire år

VRL konkluderer med at dei 2 største enkelt truslane for laks og sjøaure er lakselus frå oppdretts anlegg og rømming av laks frå oppdretts anlegg.

Ved ein samla sjøarealplan må ein inkludere konsekvensane av dette i oppstarten av planarbeidet. Slik situasjonen er og har vore i lang tid, med altfor høgt tal på lakselus. Og ein ser tydeleg at dei forskjellige oppdrettsanlegg har store problem med å halde tetttheita av lakselus nede på eit akseptabelt nivå.

Slik oppdrettsanlegga er i dag, med den tetttheita av lakselus som er i fjordane, må mengde av biomasse ned og det kan ikkje aukast med nye anlegg ut over det som er etablert i planområdet i dag.

Ei auke av biomasse og ei auke av oppdrettsanlegg må kun godkjennast om dette kjem i form av lukka anlegg, der lakselusa ikkje kan spreie seg til fjorden, og det er 100 % sikkert i høve rømming av laks og aure

Stordal 31.01.2022


Stordal Elveeigarlag

Styret

v/Leiar, Jarle Hove

Sendt til: trude.lian@henninglarsen.com

Emma.Kuskemoen@fjord.kommune.no



Vidhammer Fjordgard
Eli Synnøve Vidhammer
elisvidhammer@gmail.com
Org nr 927050854B
Bnr. 112, gnr. 1

Trude Lian
Henning Larsen / Rambøll Norge
Cc Emma Kuskemoen i Fjord Kommune

09.02.2022

Merknad til planarbeid med felles sjøarealplan for Fjord, Stranda og Sykkylven kommune

Viser til opent informasjonsmøte via Teams den 25 januar 2021. Vi frå det nystifta sameiget Vidhammer Fjordgard ønsker med dette å melde inn våre merknader til planarbeidet om ein felles sjøarealplan for Fjord, Stranda og Sykkylven kommunar.

Vi eig og forvaltar ein fleire hundre år gamal, veglaus fjord- og fjellgard (fråflytta på 60-talet, no fritidsbustad) som ligg i Fjord kommune, men som er på andre sida av fjorden på Strandasida, eller *børtomfjorden*, som ein seier lokalt. Vidhammer har ei kystlinje som strekker seg nokså langt, sjå raud linje på vedlagt bilete med kartutsnitt. Vi ber om at sjøarealplanen tek omsyn til tradisjonell bruk av garden og kystlinja, og for vår del gjeld det konkret:

- Brygge med fleire utfar for fortøying av båtar
- Planar om å gjere brygga litt meir solid for å kunne ta imot større båtar (for å kunne vere vertskap for kulturminnearrangement og evt. leirskule når garden, brygga og stien opp er istandssett og trygg)
- Fleire naust og gammalt saghus ved sjøen
- Dorging langs kysten og fiske med stang frå kaia
- Kilenotplassen
- Farled over fjorden frå Stordal, enten i direkte linje ved gode tilhøve, eller via Holmen og Skjortneset ved meir sjøgang

Det er ingen utslepp frå Vidhammer, kulturlandskapet blir vedlikehalde etter ein skjøtselsplan utan bruk av noko slags plantevernmidlar eller pestisider.

Vi vil anta at det er tilsvarende bruk av sjøen for alle naboane våre *børtomfjorden*, Ytste-Skotet, Inste-Skotet, Me-Skotet, Skotshalsen, Korsadalen og Skjortneset, slik at slike omsyn bør takast for heile fjordsida, samt for

«næraste naboane» på Stordalssida, Holmen og Djupdal. Sjølv om slike gardar er fråflytta og nyttast til feriebustad, blir kulturminnearven halden i hevd, og omsyn bør takast til den tradisjonelle bruken på sjøen.

I tillegg finnast det for Vidhammer ein godkjend reguleringsplan vi ber om at det takast omsyn til, for seks hyttetomter som nok er oppe i høgda, men det er regulert inn fleire naust og tilhøyrande ny molo med seks båtplassar. Denne planen har Fjord kommune. Vi har ingen tidshorisont for desse, dei eigast av seks enkeltmedlem av familien og det er opp til kvar enkelt om dei vil setje planane i verk.

Vi ser fram til resultatata frå planarbeidet og ønskjer kommunane lukke til!

Vi vil gjerne ha ei stadfesting på at denne merknaden er motteke.

Med venleg helsing, for

Vidhammer Fjordgard
Eli Synnøve Vidhammer



Dirk og Ramona Urban
Strandvegen 155, Stranda, 6200
Tlf.: 46644477 / 97623385
diurba@hotmail.no

Trude Lian, Rambøll Norge

6. februar 2022

Pb 9420 Torgarden
7493 Trondheim

Felles sjøarealplan for Fjord, Stranda og Sykkylven Kommune

Stranda- strand?

Når man ser på navnet til tettstedet Stranda er ikke det vanskelig å forstå at navnet ble gitt etter beliggenheta, nemlig i tilknytning til en Strand. Ser man på historiske bilder så eide tettstedet Stranda en lang Strandlinje en gang.

Mye av det ble borte- måtte gi etter for vekst og økonomi. Forståelig på en måte. Strandlinja har blitt mindre og mindre.

Henviser til et oppslag på side 4-5 i lokalavisa Nyss fra 28.02.2022 der Stranda Kommune «Skal stramme seg opp innan miljø og klima».

Å ha fokus på miljø betyr ikke kun ha fokus på CO2 utslipp, noe vi daglig få indoktrinert, at miljøarbeid har blitt de siste år. Er det kun klimaet vår vi er avhengig av?

Er ikke miljø også det som er rundt oss der vi kan høste, ferdes, slappe av, føler oss trygge og trives?

« Naturmangfold er menneskehetens livsgrunnlag på planeten og har aldri før vært så truet som det er i dag» (sitat FN)

Stranda sin Strandlinje med sjøareal er en blanding av noen næringsbygg, mesteparten friareal og byggefelt.

Strandvegen som går parallell til Strandlinja mellom Stranda sentrum og Helsemvika er veldig populær hele året blant turgåere fra Stranda og besøkende i alle alder. Her er det ingen bratte bakker.

Badeplassene som finnes blir godt besøkt av både fastboende og ferierende. Det la vi spesielt merke til i de to siste Korona somrene når ferie i utlandet ble umulig.

Kan det bli mer aktuelt i framtiden?

Strandlinja er også den eneste mulighet for å komme seg trygg ned til, i og på fjorden om en vil bade, gå i fjæra, sitte på svaberget og nyte utsikten, fiske fra land og aktivitet ellers.

Badeplassene blir og brukt av barneskolen og bidrar til å knytte bånd mellom de små og unge og naturen.

Til og med «Alt for Norge» spilte inn en episode på Stranda i 2012 og valgte bl. a. gamle badeplassen til innspiling.

Fritidsfiskere og padlere bruker fjorden langs strandlinja daglig, sommer som vinter.

Gode fiskeplasser i fjorden ble allerede erstattet med oppdrettsanlegg.

Når ble det tatt hensyn til innvendinger fra innbyggerne, båtfolk eller elveeierlag når det gjaldt disponering av sjøareal til plassering av oppdrettsanlegg?

Stranda ga nylig fra seg en del av fjorden som ligger der et fjellparti førte til et stort ras med flere omkomne. Ulykken minnes med en minnestein ved kaia i Stranda sentrum. Protester fra flere hold i tillegg til underskriftskampanje med flere hundre signerende som var imot, ble ikke hørt.

Det oppdrettsanlegget er det første man møter når man kommer ned fra fjellet til Stranda. Synet nå har ikke samme sjarmen som den gang.

Har vedkommende som jobber med og tar avgjørelser rundt bruken av sjøarealet tette bånd til fjorden og strandlinje på Stranda gjennom at dem bruker området til fritidsaktiviteter, rekreasjon eller bor i umiddelbar nærhet?

Om ikke vil vi gjerne invitere dem til omvisning.

Næringsvirksomhet uansett plassering, vil føre til sjenanse i mer eller mindre grad og ofte ha negativ effekt for umiddelbar nærhet.

Blir Strandlinjen ødelagt vil skadene være ureparabel for godt. Det finnes eksempler på.

Strandlinja og fjord som del av sjøarealplanen mellom Stranda sentrum og Opshaugvika har en svært høy verdi for Stranda sine innbyggere og må bevares for fritidsaktiviteter og rekreasjon.

Med vennlig hilsen
Dirk og Ramona Urban



Sykkylven jeger og fiskeforening
Pb.63
6230 Sykkylven

Bankkonto: 40453031960

Leiar: Johnny Winsjansen

Tlf. 97004010

Epost: sykkylvenjff@njff.no

Innspill og forslag til aktuelle problemstillinger for Sjøarealplanen for Fjord, Stranda og Sykkylven Kommune.

Sykkylven JFF er den ledende jeger og fiskeforeningen for det aktuelle området. Formålet for foreningen er kort summert å ivareta jakt- og fiskeinteressene ved å ta vare på naturen sitt produktgrunnlag, og ved at allmennheten skal ha mulighet til å drive jakt og fiske. Å sikre en bærekraftig høsting av våre vilt- og fiskeressurser, bygd på tilgjengelig kunnskap. Å sikre at viltet og fisken blir høstet til glede for flest mulig motiverte utøvere. Sykkylven JFF ønsker å delta i utvalget som skal utarbeide Sjøarealplanen. Vi besitter god kompetanse på bruken av området, da spesielt den delen som ligger under vår kommune.

Utover at vi ønsker å ta en aktiv del i Sjøarealplanen, ønsker vi å bemerke flere tema som vi mener bør hensyntas i Sjøarealplanen.

1. Ett fjordsystem, 2 planer.

Kommunene Fjord, Stranda og Sykkylven skal ha sin Sjøarealplan. Ålesund kommune skal ha sin egen Sjøarealplan for det samme området. Det mener vi ikke er en god løsning. En bør tilstrebe å få en Sjøarealplan gjeldende for hele området.

2. Hva menes med landbasert oppdrettsanlegg og lukket sjøanlegg?

Som kjent kan en ikke sammenligne epler og pærer. Det samme gjelder for de forskjellige teknologiene som blir benyttet eller planlegges å bli benyttet av oppdrettsnæringen. For å få en felles forståelse for hva som egentlig planlegges mener vi det må komme på plass en definisjon på hva som menes med de forskjellige typer anlegg.

3. Ivaretagelse av fritidsfiskeinteresser

Områdene i Storfjorden som tilstøter Sykkylven kommune er svært populære og gode områder for fritidsfiske både fra land og fra båt. Det tenkes da særlig på strekningene fra Aursneset-Ramstaddalen og Jarnes - Kommunegrensa til Ørsta i Hjørundfjorden. Her er svært mange og gode fiskeplasser etter et mangfold av fiskearter, i tillegg til teinefiske etter hummer, krabbe og kreps. SJFF mener det er viktig at disse områdene også i fremtiden ivaretas slik at allmennheten fortsatt kan nytte disse. Vi mener at etablering av oppdrettsanlegg i disse områdene, da også på nordsiden av Storfjorden, vil ha en svært uheldig innvirkning på dette.

Strekningene som er omtalt er også populære områder for fritidsdykking da her er svært god sikt og et rikt biologisk mangfold.

4. Status for norske laksebestander i 2021

Vitenskapelig råd for lakseforvaltning kom med en ny rapport i 2021 som beskriver tilstanden til laksen. SJFF mener denne rapporten må legges til grunn i Sjøarealplanen.

Link til rapporten: <https://brage.nina.no/nina-xmliui/handle/11250/2830680>

5. Nytt renseanlegg for Sula og Ålesund.

Det planlegges et felles avløpsrenseanlegg for Sula og Ålesund på Kvasneset i Sula kommune. Totalt dimensjoneres anlegget for 69 000 personenheter. Rensingsgraden oppgis til å være 70%. Strømningsanalysene virker å være mangelfulle. Hvordan dette renseanlegget vil påvirke det aktuelle område er ikke godt dokumentert og bør undersøkes nærmere. Vi er bekymret for at kloakk fra renseanlegget vil komme inn i fjordsystemet.

6. Sjøørret prosjektet «Mange bekker små»

Statsforvalteren har i samarbeid med NJFF Møre og Romsdal, lag og foreninger et prosjekt for å kartfeste leveområdene til sjøretten i vassdragene i fylket som heter «mange bekker små». Resultatene blir lagt ut fortløpende i en åpen kartdatabase på GisLink som kan benyttes i forvaltning av sjøarealbekkene og kommunal/interkommunal arealplanlegging.

På vegne av Sykkylven JFF
Tore Melbø

Til
Henning Larsen, Tronsheim / Rambøll
p.bo. 9420 Torgarden
7493 TRONDHEIM
v/ trude.lian@henninglarsen.com

Kopi til
Fjord kommune
Rådhuset
6210 VALLDAL

Stranda kommune
Rådhuset
6200 STRANDA

Geiranger 14.02.2022

Uttale Oppstart planarbeid og utlegging av planprogram for felles sjøarealplan for kommunane Fjord, Stranda og Sykkylven

Det vert vist til varsel om oppstart planarbeid, og planprogram for felles sjøarealplan for Fjord, Stranda og Sykkylven, med høyringsfrist 14.02.2022.

1. Grunnlag for vår uttale

Vestnorsk fjordlandskap vart innskrive på UNESCO si verdsarvliste i juli 2005 som Noreg sin fyrste og til no, einaste naturarv. Området er eitt av berre femti marine verdsarvområde på kloden. Verdsarvstatusen er fyrst og fremst tufta på naturvenleik og geologi/ geologiske prosessar/landforming over millionar av år.

Framstående universell verdi (FUV/OUV) er sjølve grunnlaget for eit område som er innskrive på UNESCO si verdsarvliste. FUV/OUV er i Operational Guidelines definert som «*natur- eller kulturarvverdi som er så eineståande at den er grenseoverskridande og har betydning både for noverande og framtidige generasjonar av heile menneskeheita.*»

FUV/OUV inneheld tre komponentar: Verdier, integritet og vern/forvaltning.

Verdsarverdiane i Vestnorsk fjordlandskap (verdikriterium):

- **Kriterium vii) – eksepsjonell naturskjønnheit** (inneheld eineståande naturfenomen eller område med eksepsjonell vakker natur og estetisk betydning). I sitt vedtak sa Verdsarvkomiteen: «*Geirangerfjord- og Nærøyfjordområda vert rekna mellom dei framifrå vakraste fjordlandskapa på kloden.*»

- **kriterium viii) prosessar i jordhistoria** (framifrå døme som representerer viktige fasar i jorda si historie, slik som evolusjon, betydelege pågåande geologiske prosessar i utviklinga av landformer, eller viktige geomorfologiske eller fysiografiske særtrekk). I sitt vedtak sa Verdsarvkomiteen:

«Vestnorsk fjordlandskap er klassiske, framifrå velutvikla fjordar, og vert rekna for å vere typelokalitet for fjordlandskapa i verda. Storleiken og kvaliteten på desse fjordane kan samanliknast med andre fjordar på Verdsarvlista, og dei utmerker seg med sine klimatiske og geologiske tilhøve. Området syner alle element av landformer knytt til dei indre delane av to av dei lengste og djupaste fjordane i verda.»

Integritet:

- Eit mål på heilskap: Ei vurdering av om området har med alle element som er naudsynt for å uttrykke området sine verdiar, om det er tilstrekkeleg stort for å sikre den fullstendige representasjonen av trekk og prosessar og er upåverka av utviklinga og/eller av vanskjøtsel.

Vern og forvaltning:

- Vern og forvaltning er meint å sikre at verdiar og integritet ikkje skal forringast eller svekkast frå det tidspunkt verdsarvområdet vart innskrevet. Verdiar og integritet skal oppretthaldast/bevarast eller forbedrast.
- Vestnorsk fjordlandskap har store landskapsvernområde og naturreservat som skal syte for at store delar av verdsarvområdet er verna etter norsk lov.
- Forvaltningsplan for Vestnorsk fjordlandskap – eit forvaltningsverktøy som skal sikre at verdiane er tatt vare på og at ein sikrar ei berekraftig utvikling av heile verdsarvområdet.

Statsparten Noreg har høge ambisjonar for sine verdsarvområde jf. St.meld. 35 (2012-2013): Norske verdsarvområde skal vere fyrstårn for den beste forvaltninga av natur og kulturminne.

Stiftinga Geirangerfjorden Verdsarv er ikkje eit forvaltningsorgan, men skal ha ei koordinerande rolle mellom sjølve verdsarvstaden og forvaltningsorgan på alle nivå. Verdsarvkoordinator har eit særskilt ansvar for å følgje med på tilstanden i verdsarvområdet og varsle om hendingar, planar eller tiltak som på nokon måte kan true verdsarvverdiane.

2. Om skildringa av verdsarvområdet i planprogrammet

Det er svært positivt at det vert arbeidd for å få på plass ein felles plan for sjøareal i dei tre kommunane Fjord, Stranda og Sykkylven. Vi vil òg gje ros for målsetjingane om å få på plass eit kunnskapsbasert forvaltningsverktøy, og skape langsiktige rammer for både berekraftig arealbruk, forvaltning og arealbruk.

Ideelt sett kunne vi ønske oss at også Ålesund var med i dette arbeidet. Særleg frå Sykkylven og inn til grensa til Fjord kommune, synest vi det vert ei noko kunstig deling på langs av fjorden. Å sjå dette fjordsystemet i heilskap ville vere ein stor styrke, men vi har forståing for at påbyrja arbeid er ein start.

Under kapittel 2, Beskrivelse av utvalte tema for planarbeidet, er verdsarven Vestnorsk fjordlandskap omtala i kap. 2.4. Vi meiner denne omtalen gir eit feilaktig inntrykk av den nordlege delen av verdsarvområdet (Geirangerfjordområdet). I omtalen er det lagt stor vekt på sjølve Geirangerfjorden og dels kvalitetane der. Sunnlyvsfjorden er så vidt nemnt. Tafjorden er ikkje nemnt i det heile. Desse

tre fjordane er likestilte verdsarvfjordar. I innskrivinga på verdsarvlista vert ikkje somme delar av verdsarvområdet definert som meir verdifulle enn andre delar.

Dei to delområda Nærøyfjorden- og Geirangerfjorden med omland har kvalitetar som utfyller kvarandre. Kvar for seg er dei ikkje kvalifiserte til å stå på verdsarvlista. På same måten vil ein innanfor delområdet Geirangerfjorden finne ulike kvalitetar som utfyller kvarandre.

I forvaltningsplanen for området vert det gjort greie for særskilde verdiar innanfor avgrensa geografiske område i verdsarven. Likeins opererer ein med ulike soner i forvaltningsarbeidet (vernesone, bruksone og sone for særskilt tilrettelegging). Dette gir rom for ulik bruk i ulike soner, og at sonene kan forvaltast på ulike måtar.

Det bør nemnast at arbeidet med revidering av forvaltningsplanen er starta opp.

I arbeidet med planprogrammet er det såleis viktig at ein ser på heile verdsarvområdet. Her er det snakk om alle delar av sjøområda, men òg landområde som kan bli påverka av det som skjer på fjorden. Ein må vere merksam på tiltak i randsonene som kan verke inn på verdsarvområdet og verdsarvverdiane. Kanskje må dette få særskilt merksemd i eit planprogram for sjøareala?

Verdsarven Vestnorsk fjordlandskap har eit samla areal på 1227 km², inkl. 107 km² sjøareal. Geirangerfjordområdet utgjer 518 km² av dette (ikkje 498 km²).

3. Om planprosessen

I skildringa av kompetanse i planprosessen er det nemnt at det kan bli sett ned ei ressursgruppe etter behov, med t.d. representantar for havbruksnæringa, reiselivsnæringa og andre relevante lag og foreiningar. Vi trur ei ressursgruppa kan bidra med relevante og gode innspel i arbeidet, men meiner det er viktig at representasjonen vert brei. Aktørar med fokus på natur- og kulturverdiar, inkl. verdsarven bør òg takast med.

Reell involvering og medverknad er viktig dersom ein slik plan skal få legitimitet. Vi stiller difor spørjeteikn ved fase 2 i framdriftsplanen, der ein skisserer *medvirkningsopplegg etter behov (vert bestemt seinare)*. Kven sine behov skal avgjere dette?

Vi oppmodar til at det vert lagt til rette for gode medverknadsprosessar. Då er det svært grunnleggande at ulike aktørar får godt innsyn og tilstrekkeleg informasjon. Om informasjonsgrunnlaget er tynt, er det vanskeleg å vite kva ein skal uttale seg om, og dermed kjem det gjerne få innspel inn til prosjektleiinga. Etter vårt syn, er ein slik konsekvens lite ønskeleg i eit felles prosjekt.

4. Om konsekvensutgreiing

I kapittel 4 er det lista opp ei rekkje miljø og samfunnsverdiar som skal konsekvensutgreiast. Vi har ingen merknader til desse, men på lista **manglar temaet verdsarv**. Med bakgrunn i dette vil vi vise attende til innleiinga vår i denne uttalen, og den unike verdien og statusen til verdsarvområda. Vi vil òg minne om statsparten Noreg sitt internasjonale ansvar for å ta vare på eigen verdsarv.

Det er ei nasjonal forventning om at kommunane utviklar dei norske verdsarvområda som fyrtårn for den beste praksisen innanfor natur og kulturminneforvaltninga gjennom arealplanlegginga, jamfør Nasjonale forventningar for regional og kommunal planlegging 2019-2023. Dersom det vert aktuelt med tiltak som på nokon måte kan truge verdsarven og verdsarvverdiene, må det på plass ein konsekvensanalyse knytt til verdsarven (KUVA). Ved slike høve, skal IUCN sin rettleiar for konsekvensutgreiing av verdsarv leggstil grunn for planarbeidet. IUCN er UNESCO sitt fagorgan knytt til naturarvfeltet.

Ei konsekvensutgreiing skal ta utgangspunkt i kriteria for innskriving på verdsarvlista. Konsekvensutgreiinga må gjere greie for mogleg verknad for kvar einskild verdi. Desse verdiene femnar svært breitt, slik det går fram av innskrivingsdokumentet.

5. Avslutting

Avslutningsvis vil vi igjen gje ros for eit positivt initiativ. Vi vil òg peike på områdereguleringsplanen knytt til Raudbergvika-Eidsdal i Fjord kommune, og planane for landbasert oppdrett. Dette er eit særstambisiøst prosjekt som fell tydeleg inn under målsetjinga med ein felles plan for sjøareala i kommunane Fjord, Stranda og Sykkylven. Vi oppmodar difor om at desse prosjekta vert sett i samanheng.

Som eit lite apropos til slutt; Vi merkar oss at planprogrammet er ført i pennen på bokmål. Burde ikkje dei tre nynorsk kommunane Fjord, Stranda og Sykkylven sett krav om nynorsk i slike dokument? Om målform ikkje akkurat er verdsarv, handlar det òg om arv, identitet og eigarskap – og kanskje litt stoltheit.

Lukke til med vidare arbeid.

Helsing

Stiftinga Geirangerfjorden verdsarv
v/Katrin Blomvik Bakken
Direktør/Verdsarvkoordinator

katrin@verdsarvfjord.no

Tlf. 952 27 390



STORFJORDENS VENNER

VERN VÅR ARV

Geiranger 7.2.2022

Rambøll Norge AS
Postboks 9420 Torgarden

7493 Trondheim

Innspel til planarbeid – Felles sjøarealplan og Fjord, Stranda og Sykkylven kommune

Vi viser til varsel om oppstart av planarbeid og utlegging av planprogram «Felles sjøarealplan for Fjord, Stranda og Sykkylven kommune»

Styret i Storfjordens Venner har handsama saka og vil kome med følgjande uttale og innspel til planprogram:

1. Planstatus

Det er viktig at dette vert ein juridisk bindande plan for at den skal ha innverknad og få konsekvensar for forvaltning av sjøområdet. Storfjordens Venner er difor samd i at planen får status som kommunedelplan for den enkelte kommune

2. Konsekvensutgreiing

Sjøarealplanen krev konsekvensutgreiing. Dette støttar Storfjordens Venner og er viktig for å kunne

- a) få fullgod oversikt over konsekvensar av tiltaket
- b) kunne vurdere konsekvensar i samanheng
- c) opne for meir medverknad i planarbeidet

3. Kommuneplanar

Storfjordens Venner meiner det er viktig at alle kommunale planar som er relevante vert teke med i kunnskapsgrunnlaget og må leggast til grunn for arbeidet med sjøarealplanen

Storfjordens Venner er særleg oppteken av at kulturminneplanar for Stranda og Fjord vert grundig gjennomgått og teke med i planarbeidet

Stranda kommune: <https://www.stranda.kommune.no/tenester/kultur-idrett-og-fritid/kultur/kulturminneplan/>

Fjord kommune: under arbeid

Sykkylven kommune:



STORFJORDENS VENNER

VERN VÅR ARV

I planprogrammet for sjøarealplan er det lagt opp til at FN sine berekraftsmål skal vere eit berande prinsipp. Det gjev grunnlag for at også kommunane sine miljø- og klimaplanar, som nyleg er godkjende, vert viktige i planarbeidet.

Stranda kommune: <https://www.stranda.kommune.no/f/p1/i9c685f79-98d4-4622-bb82-0aad0641432b/kommunedelplan-for-klima-og-energi-godkjent.pdf>

Fjord kommune: under arbeid

Sykkylven kommune:

4. Tema

Mandatet til Storfjordens Venner er definert slik:

Vedtektene § 2: Storfjordens Venner har til oppgåve å verne og formidle kunnskap om kulturminne, tradisjon og kulturlandskap

Det geografiske området foreininga arbeider innanfor er definert slik:

Vedtektene § 3: Geografisk området for Storfjordens Venner sitt arbeid er langs Storfjorden med sidearmar innanfor Magerholm – Ørsnes. Storfjordens Venner er eigar av gnr 114, bnr 1 i Fjord kommune

I planprogrammet (kap 2.2., s 11) står det «Arealbruk i sjø må ses i samanheng med virksomhet og infrastruktur i nærområdet på land».

Storfjordens Venner støttar denne formuleringa/målsettinga fordi mange av fjordgardane Storfjordens Venner har engasjert seg i, ligg nær sjøen. Transporten på fjorden er difor eit forhold foreininga er oppteken av. Vi ser at t.d. cruisetrafikken i visse område, har påverknad på landanlegga (flytebrygger, kaier, vørrar) langs sjøkanten. Regulering av farleier, ferdsel og ankringsområde er difor særst viktig for å vare på desse landanlegga. Dei fleste fjordgardane er veglause og har berre tilkomst frå sjøen. Storfjordens Venner vil difor gjere merksam på eigarane sitt behov for å etablere trygg tilkomst, i landstiging og faste tenlege fortøyingar i sjøen. Dette er avgjerande viktig for å ta vare på kulturminna for framtida.

Storfjordens Venner vil peike på at dette er særst viktige forhold som må grundig vurderast og leggast vekt på i planarbeidet med sjøarealplanen.

5. Nærmiljø og biologisk mangfald (kap 2.3)

Storfjordens Venner arbeider i hovudsak med bygningar og kulturmiljø på land. Vi meiner likevel at disponeringa og bruken av sjøarealet er særst viktig å regulere, med omsyn til å ta vare på det biologiske mangfaldet. Ureining årsaka av utslepp på og i fjorden, t.d. frå skipstrafikk, næringsverksemd og kommunale avlaup er i høgste grad viktig å setje fokus på i denne samanhengen. Dette forventar vi at sjøarealplanen vil ivareta.



STORFJORDENS VENNER

VERN VÅR ARV

6. Fritidsbruk, folkehelse og friluftsområde (kap 2.5)

Storfjordens Venner fekk EU sin kulturminnepris i 2016 – Europa Nostra. I tillegg har foreininga fått fleire nasjonale prisar for arbeidet som vert gjort. Dette viser at den kulturarven Storfjordens Venner arbeider for å ta vare på, har både stor nasjonal og internasjonal verdi.

Fjordgardane er også eit viktig grunnlag for den interessa området vekker i turistsamanheng. Indirekte har dette stor verdi for reiseliv/næringsutvikling i området. Mange av desse gardane er dessutan svært populære turmål og har difor stor verdi i samband med folkehelse og friluftsliv. Tilkomst via fjorden, stien til garden og sjøve garden – turmålet – alt dette må henge saman for å gjere turen mogeleg og gje ei god oppleving.

7. Berørte interesser (kap 3.3. medverknad og samråd)

I planprogrammet står følgjande: «Det er ønskelig at planprosessen for sjøarealplanen involverer et bredt lag av befolkningen og berørte nærings- og brukerinteresser»

Storfjordens Venner stiller seg positiv til å bidra med informasjon om vårt saksfelt dersom vi meiner at dette kan ha betydning for planlegginga. Vi viser her til omtale av eksterne ressursgrupper og sær møte.

8. Tema for konsekvensutgreiing (KU)

Storfjordens Venner meiner tema for konsekvensutgreiing som er sett opp i planprogrammet, er dekkande.

Foreininga er mest opptekken av følgjande og forventar at det vert gjort grundige vurderingar innanfor:

- Kulturminne
- Landskap og kulturlandskap. I dette bør også variasjon i fauna vurderast
- Naturmangfald, herunder marine naturtyper.

- Ureininga og vassmiljø
- Friluftsliv og folkehelse
- Kulturminne
- Verdiskaping og næringsutvikling

Vi forventar ein god og grundig planprosess som gjev grunnlag for eit viktig plandokument for kommunane Fjord, Stranda og Sykkylven.

Lukke til med arbeidet!

Med helsing

Storfjordens Venner

Arne Furstrand
(Arne Furstrand)

Einar Hoel
Einar Hoel

Arild Sunde Rinnan

Fra: Erik Ditlefsen <erik.ditlefsen@henninglarsen.com>
Sendt: mandag 14. februar 2022 09:31
Til: Trude Krokenes Lian; Christian Dunker Furuly
Emne: FW: INNSPILL PLANPROGRAM FOR FELLES SJØPLAN FJORD, SYKKYLVEN OG STRANDA KOMMUNE

Usikker på hvorfor denne kommer til meg, men virker å være et solid innspill 😊

Best regards/Vennlig hilsen

Erik Ditlefsen

From: Tor Waaler <torwaaler@gmail.com>
Sent: mandag 14. februar 2022 09:30
To: Erik Ditlefsen <erik.ditlefsen@ramboll.no>
Cc: jantry@stranda.kommune; redaksjon@nyss.no
Subject: INNSPILL PLANPROGRAM FOR FELLES SJØPLAN FJORD, SYKKYLVEN OG STRANDA KOMMUNE

Det er ikke ofte du mottar e-post fra torwaaler@gmail.com. [Les hvorfor dette er viktig.](#)

Viser til Forslag til Planprogram for Fjord, Sykkylven og Stranda kommune datert 28.10.21 samt Folkemøte 25.1.22.

Hovedanførselen min er at oppdrettsvirksomhet i den trange Storfjorden medfører for stor forurensning.

Området ligger i nasjonal Rød sone noe som bl.a. innebærer at oppdrettsaktiviteten skal reduseres.

Oppdrett av fisk er et viktig satsingsområde, men må plasseres i samsvar med nasjonale retningslinjer på land og til havs.

Forslaget til Planprogram er et godt dokument.

Mine syv hovedpunkter:

- 1. Konsekvensanalyser. Habilitet.**
- 2. Miljødirektoratet**
- 3. Lovverket inkl. EU`s miljørett**
- 4. Rød sone**
- 5. Rasfare, Åkerneset**
- 6. Motstrid turisme/Unesco og oppdrett**
- 7. Ressursgruppe**

1

a. Konsekvensanalyse økonomi

I møte med ordfører Stranda kommune er det avtalt å få konsekvensutredet:

- Hvor mange arbeidsplasser får Stranda kommune av de tre (snart to) oppdrettsanleggene i kommunen ?
- Hvor stor er den økonomiske gevinsten for kommunen i form av skatteinntekter, havbruksfondet etc ?
(Eksisterende industri i kommunen knyttet til oppdrett/sjømat er ikke avhengig av av disse anlegg og

skal derfor ikke medregnes)

Det forutsettes at en slik konsekvensanalyse utarbeides av kommunen innen 1.3.22.
Hvis ikke, må dette utarbeides av dere jfr også Planprogrammet pkt 4.

b. Konsekvensanalyse forurensing

Ulempene for kommunen i form av både visuell - og miljøforurensing må konsekvensutredes.
Mer konkret om dette vil framkomme jfr Retningslinjer fra Miljødirektoratet.
Jfr her også krav til utslippsreduksjon fra cruiseskip, ferger etc og begrunnelsen for disse reduksjonskrav.

Forøvrig viser jeg til Planprogrammet Pkt. 4.

c. Habilitet

Idag utarbeides oftest de aktuelle konsekvensanalyser av bedrifter i hovedsak eid av oppdrettsnæringen.
Denne "forskningen" er brudd på normale habilitetsregler. Etterspurte konsekvensanalyser
må derfor utarbeides i samsvar med gjeldende etiske retningslinjer for forskning.

2. Miljødirektoratet

Miljødirektoratet skriver:

" Produksjon av fisk i åpne merder i sjø fører til flere former for miljøpåvirkning:

- *Rømming av fisk og spredning av lakselus gir store påvirkninger på vill laksefisk
(Dette er hovedårsaken til Rød sone i fjorden her. Og villaksen er nå i år blitt rødlistet. Mine anmerkninger)*
- *Utslipp av fôrrester, ekskrementer fra fisken, kopper fra impregnerte nøter og andre kjemikalier
og fremmedstoffer (inkludert legemidler) påvirker det marine miljøet.*
- *Støy og arealbeslag kan påvirke sjøfugl. "*

Videre:

*" Fiskeoppdrett er den største kilden til menneskapte utslipp av næringssalter og organiske partikler
langs kysten "*

Miljødirektoratets modeller viser at kloakkutslipp fra oppdrettsvirksomheten bare i Stranda tilsvarer urensset
kloakkutslipp fra ca 60.000 innbyggere.

Alle disse problemområdene er nærmere beskrevet av Miljødirektoratet.

Forøvrig vises til kloke uttalelser i Planprogrammet pkt. 2.3 og 2.5.

3. Lovverket

På side 6 pkt 1.2 " Premisser for planarbeidet ", er det listet opp 17 forskjellige lover som " er grunnlaget
for utarbeidelse.... " av planen.

I tillegg må anføres EU's miljørett som er svært omfattende på dette området.

Videre har dere anført følgende premisser for planarbeidet ; Statlige planretningslinjer (SPR) og
rikspolitiske retningslinjer (RPR).

Og Nasjonale Miljømål som dere har anført :

" Norges 23 mål for miljøet er fordelt på områdene naturmangfold, kulturminner og kulturmiljø, friluftsliv, forurensning....."

Det vises også helt korrekt til FN`s bærekraftsmål som bl.a anfører " *stans tap av artsmangfold*".

"Føre var - prinsippet" er også anført jfr naturmangfoldloven.

Jeg er glad for disse ambisiøse premisser og forutsetter derfor at disse blir sentrale i den endelige planen.

4. Rød sone

Storfjorden er lang og smal. Den har en svært høy terskel ut mot havet og blir derfor som et basseng. Dette innebærer en sterkt begrenset utskifting av vannet. Typisk for slike lange og smale fjorder er at vannsirkulasjonen er mest styrt av tilsig av ferskvann. Saltinnholdet i fjorden er derfor kun ca 35 %.

Storfjorden ligger altså i Rød sone noe som betyr at produksjonskapasiteten fra oppdrettsnæringen skal **reduseres med 6 %**.

Hovedbegrunnelsen for Rød sone er luseproblemet og rømming og derfor også påvirkning av villaksen.

Til tross for dette kravet om redusert oppdrett, så er altså villaksen nå rødlistet hovedsakelig som følge av rømming og lus.

Hjørundfjorden, som er en sidearm til Storfjorden, er kjent for godt fiske. I Hjørundfjorden er det ingen oppdrettsanlegg. I Storfjorden her har de drevet fiskeoppdrett i ca 50 år. Her er det et elendig fiske.

Det er i hovedsak nå forbudt å fiske laks i elvene langs Storfjorden.

Og fritidsfiske i fjorden er altså sterkt redusert grunnet liten fangst.

Fiskerne, som var her først, må nå lide som følge av forurensningen fra fiskeoppdrett de siste 50 år.

Det er derfor riktig, slik dere anfører i pkt 2.1 å " *..vurdere fiskeinteressene opp mot andre interesser..*"

5. Rasfare

Skafjell - raset i 1731 (17 omkom) og Tafjord - raset 1934 (40 omkom) utløste dødelige flodbølger.

I Storfjorden går det ofte stein og snøras.

Et ras fra Åkerneset vil som kjent skape enorme flodbølger. Dette er idag hensyntatt ved kommunal planlegging på land.

Bare i oppdrettsanlegget under Skafjellet er det idag ca 2 millioner genmodifisert fisk.

De andre anleggene har tilsvarende antall fisk.

Konsekvensene ved ras og rømming vil være uopprettelige.

Det er derfor riktig slik det anføres i Planprogrammet pkt. 2.6 at problemstillingen skal utredes og kanaliseres til ROS - analysen.

6. Motstrid turisme/Unesco og oppdrett

Store deler av Storfjorden er omgitt av høye ville fjell av alpin karakter med stupbratte fjellsider.

Denne skjønnhet har lagt grunnlaget for en betydelig turisttrafikk i meget lang tid.

Dette er også hovedårsaken til at deler av fjorden i 2005 ble innlemmet i UNESCO`s Liste over verdens kultur - og naturarvsteder. Senere er dette området kåret til det best bevarte.

Det er åpenbart at den visuelle og fysiske forurensing som oppdrettsanlegg innebærer, er i alvorlig motstrid til Unescos begrunnelser for innlemming. Det er likeledes åpenbart at en slik oppdrettsnæring er i motstrid til den voksende turistnæringen i Storfjorden.

Det er derfor riktig slik dere anfører i pkt 2.4 vedr Unesco: "*Alle nye tiltak i disse ikoniske fjordene må vurderes opp mot den internasjonale forpliktelsen som kommunene har signert på*".

7. Ressursgruppe

Viser til Planprogram pkt 3.1. Her er havbruks- og turistnæringen forutsatt som medlemmer. Det er åpenbart at representanter for fiske og miljø også skal med i en slik ressursgruppe jfr anførsler i Planprogrammet. Det foreslåes at Kjell Even Vågsæter og undertegnede blir representert i en slik ressursgruppe.

Stranda 13.2.2022

Tor Waaler

Jurist

Stranda 31.1.22

Tor Waaler

Grunneigarar på Furstranda i Sykkylven kommune

Gnr 73 bnr 1	- Rønaset
Gnr 74 bnr 1 - 3	- Furstrand / Jogarden / Skulen
Gnr 75 bnr 1 - 16	- Bjørnevika
Gnr 76 bnr 1 - 9	- Opsal
Gnr 77 bnr 1 - 4	- Sandvika

Trude Lian
Rambøll Norge
E-post: trude.lian@henninglarsen.com,
tlf. +47 46 40 93 02

UTTALE FRÅ GRUNNEIGARAR PÅ FURSTRANDA TIL FELLES SJØAREALPLAN FOR FJORD, STRANDA OG SYKKYLVEN KOMMUNE

Furstranda

Furstranda i Sykkylven kommune er ei av dei to største fråflytta grendene ved Storfjorden. Her er seks gardar/hovudbruk. Alle gardane er nedlagde som gardsbruk, og fråflytta i perioden 1918 til 1971. Gardane blir i dag brukt som fritidsbustader. Fleire av gardane har skilt ut hyttetomter. Nokre av desse er bebygd med hytter andre er ubebygd. Dei gamle gardstuna med stovehus og driftsbygningar har spesielt høg kulturverdi og eigarane legg ned mykje tid, arbeid og ressursar i halde dei i god stand. Då er trygg tilkomst frå fjorden heilt avgjerande.

Tilkomst til Furstrada

Alle gardane og hyttene er veglause og har tilkomst berre frå sjøen. Brukarane er heilt avhengige av båt for å kome til eigedomane. Veret varierer veldig på Storfjorden, og kan vere utfordrande både ved ferdseil, ilandstigning og fortøyning. Vi tenker alltid på helse og sikkerheit når vi ferdast på fjorden eller skal gå i land. Dårleg utstyr eller vanskeleg ilandstigning kan fort føre til ulykke, i verste fall med tragedie.

Vi må difor prioritere og legge til rette for trygg tilkomst og ilandstigning på ein heilt anna måte enn dei som har hytte og parkeringsplass ved ein bilveg.

UTTALE TIL SJØAREALPLANEN

Planen må legge til rette for at eigarane av veglause hytter og fråflytta gardsbruk ved Storfjorden kan vedlikehalde og etablere trygg tilkomst, ilandstigning og faste, tenlege fortøyningar i sjøen. Dette er avgjerande viktig for å ta vare på kulturminna og unngå tragiske ulukker i Storfjorden.

Kontaktperson:
Asgeir Kvernberg
Lånavegen 14
6240 Ørskog

mail: asgekve@online.no

mobil: 926 87 578

Ørskog 25. januar 2022

Asgeir Kvernberg

Grunneigarar på Furstranda: (Ikkje komplett.)

Gnr 73
Odd Arne Rønes

Gnr 74
Beate Sandmo
Vikeke Lerfall
Geir Lerfall
Eli Kristine Fiksdal Abel
Kai Andre Fiksdal
Ken Roger Fiksdal
Kai Helge Fiksdal Sletmo
Ken Raymond Fiksdal Sletmo
Christian August Schrumpf

Gnr 75
Tina Bjørnevik Flisnes og Amund Flisnes
Inger L Skotheim
Lillian Navelsaker
Anne Bjørnevik
Aleksander og Ann K Tangen Bjørnevik
Svenn Erik og Marte-Lise Bjørnevik

Gnr 76
Odd Arne Rønes
Øystein Sandvik
Sturla Bjørnevik og Stine Svenning Bjørnevik
Guro Lovise Bjørnevik og Ståle Johan Aurdal
Svein Leonhard Aure
Åshild O Sandvik
Sigurd Andreas Sandvik
Pål Kvernberg

Gnr 77
Asgeir Kvernberg
Britt Sølvi Kvernberg
Ingvill Kvernberg
Øystein Sandvik



Organisasjon for forvaltningslag i
lakse- og sjørrettførende vassdrag

Postadresse: Postboks 9354 Grønland
N-0135 Oslo
Kontoradresse: Hollendergata 5, Oslo
Telefon: 22054870
E-post: post@lakseelver.no
Org nr: 971281693
Bankkonto: 8101 05 37886
Nettside: <https://lakseelver.no/>

Henning Larsen
Trondheim/Rambøll
v/ P.b. 9420 Torgarden,
7493 Trondheim

deres ref;

vår ref; 09-22

Oslo; 14.02.2022

Høringsinnspill til felles sjøarealplan for Fjord, Stranda og Sykkylven kommune

Norske Lakseelver (NL) takker for muligheten til å gi innspill til arbeidet med en felles sjøarealplan for kommunene Fjord, Stranda, og Sykkylven.

Norske Lakseelver er en organisasjon som organiserer 110 lokale forvaltningslag av fiskerettshavere fra nord til sør i landet, og har dermed en rolle i forvaltningen av villaksen i elvene sammen med offentlige myndigheter. Denne rollen til «villaksbøndene» er forankret i lakse- og innlandsfiskeloven m/forskrifter.

I planprogrammet for den felles sjøarealplanen kommer det fram at det skal utvikles langsiktige rammer for bærekraftig arealbruk, forvaltning og verdiskapning i fjordområdene. Dette er i tråd med NLS ønsker for forvaltning av vill laksefisk. I vårt høringssvar gir vi innspill til nødvendige utredninger, samt innspill til konkrete arealavsetninger og framtidige tiltak i planområdet.

Status for villaks og oppdrett i området som sjøarealplanen skal dekke


Høsten 2021 ble den atlantiske laksen tatt inn på Norsk rødliste for arter (rødlista) som nært truet¹. Dette er et svært alvorlig signal om at noe er galt, og at utviklingen til villaksebestandene viser en kraftig nedadgående trend. Ifølge Vitenskapelig råd for lakseforvaltning (VRL) er bare én av fem laksebestander i god eller svært god tilstand i henhold til Kvalitetsnormen for villaks², som er fastslått i Kongelig resolusjon. Det betyr at fire av fem bestander enten har for stor genetisk påvirkning fra rømt oppdrettslaks, at bestandene ikke når gytebestandsmålet/ikke har stort nok høstbart overskudd, eller begge deler. Situasjonen er ifølge VRL spesielt dårlig på Vestlandet og i Midt-Norge. VRL rapporterer også at effekten av lakselus har økt i de senere årene, særlig i Sognefjorden og på Sunnmøre, og at bestandsstatusen for laks har blitt svært dårlig i flere vassdrag.³

¹ <https://artsdatabanken.no/lister/rodlisteforarter/2021/8149>

² Vitenskapelig råd for lakseforvaltning (2021). Status for norske laksebestander i 2021. Rapport fra Vitenskapelig råd for lakseforvaltning nr 16, 227s.

³ Vitenskapelig råd for lakseforvaltning (2021). Status for norske laksebestander i 2021. Rapport fra Vitenskapelig råd for lakseforvaltning nr 16, 227s.


VRL sier: «andelen bestander med svært dårlig status var den laveste i tidsserien i 2017 (12 %), men økte igjen i 2019, til 26 %. Denne økningen kan knyttes til redusert innsig og redusert høstbart overskudd i flere av vassdragene i Sognefjorden og på Sunnmøre (VRL 2020a).», se Figur 1



Figur 9.3. Høstingspotensial (høstbart overskudd i prosent av normalt overskudd) i laksebestandene i Sognefjorden sammenlignet med resten av bestandene i region Vest-Norge (venstre figur) og tilsvarende sammenligning mellom bestandene i Sunnmørsfjordene og de andre bestandene i region Midt-Norge (høyre figur).

Figur 1. Se figuren til høyre der høstbart overskudd i laksebestandene sammenlignes mellom Sunnmørsfjordene og resten av bestandene i Region Midt (VRL-rapport nr. 16, se fotnote 2).

Lakselus og innkryssing av gener fra rømt oppdrettslaks utgjør de to største menneskeskapte truslene mot villaksen. Infeksjoner knyttet til fiskeoppdrett er vurdert som den tredje største trusselfaktoren (Figur 2). Grunnen til at vi nevner denne rangeringen, er at elvene i området som sjøarealplanen skal dekke er kraftig berørt av disse truslene og påvirkningsfaktorene.



Figur 7. Vurdering av påvirkningsfaktorer og bestandstrusler for norske laksebestander. Bakgrunnsfargen illustrerer alvorlighetsgrad (mørk farge mest alvorlig). Fargene på punktene symboliserer god kunnskap og lav usikkerhet om utvikling (grønn), moderat kunnskap og moderat usikkerhet om utvikling (gul), og dårlig kunnskap og stor usikkerhet om utvikling (rød).


Figur 2. Vurdering av påvirkningsfaktorer og bestandstrusler for norske laksebestander (fra VRL-rapport nr. 16, se fotnote 2).

Oppdrettsaktiviteten i planområdet har også store utfordringer med lakselus. Et søk i nettsiden Barentswatch⁴ viser at enkeltanlegg hadde kraftige overtramp i forhold til lovpålagt grenseverdi for

⁴ <https://www.barentswatch.no/fiskehelse/>

antall lakselus per fisk i 2019-2020. Lokaliteten Gudmundset som ligger like utenfor grensen til kommunenes sjøareal hadde ifølge Barentswatch 21 overskridelser (lovbrudd) av lusegrensen i løpet av de siste 32 ukene av produksjonssyklusen i 2019-2021 (Figur 3). Deres neste produksjonssyklus ser også ut til å være kraftig påvirket av lakselus, og det er allerede overskridelser av lusegrensen i 2022.

2019-2020 Gudmundset, Lokalitet 12265




Figur 3. Utvikling i hunnlus ved lokalitet Gudmundset i perioden 2019-2020.

Enkeltlokaliteter lenger inn i Storfjorden har også store utfordringer med lakselus. Lokalitet Overåneste V måtte f.eks. ty til hele 17 mekaniske avlusninger for å holde seg under lusegrensen i 2019 (Figur 4). Mekaniske avlusninger er en av de viktigste årsakene til redusert fiskevelferd og høy dødelighet av oppdrettslaks⁵.

⁵ Fiskehelse rapporten 2020. Veterinærinstituttet rapportserie nr 41a/2021

2019, Overråneset V, Lokalitet 20315



Figur 4. Utvikling i hunnlus ved lokalitet Overråneset V i 2019. Antall mekaniske avlusninger er angitt med runde sirkler i figuren.

Lusesituasjonen som er presentert i figur 3 og 4 dokumenterer at det ligger et stort potensial for negativ påvirkning på vill laksefisk i planområdet, og vi mener at lusepåvirkningen over tid viser at produksjon av oppdrettsfisk i åpne merder i planområdet ikke er miljømessig bærekraftig. Område som sjøarealplanen skal dekke ligger i Produksjonsområde 5 (PO5, Stadt til Hustadvika). Den samlede påvirkning fra lakselus, målt som dødelighet på vill laksesmolt, ble vurdert til å være større enn 30% for PO5 i perioden 2018-2019, og lå også mellom 10-30% (moderat) i perioden 2016-2017. Området har hatt rødt lys i trafikklssystemet for 2020-2021. Det betyr at oppdretterne i PO5 har måtte ta ned biomassen av oppdrettslaks og ørret med 6% i denne perioden. Ny fargelegging av produksjonsområdene er like rundt hjørnet, og ut fra vurderingen fra Ekspertgruppa for trafikklssystemet (Figur 5) ser det ut til at vekstmulighetene for PO5 i kommende periode er små.

PO	2016	2017	2018	2019	2020	2021
1	Lav	Lav	Lav	Lav	Lav	Lav
2	Mod	Lav	Mod	Lav	Høy	Lav
3	Høy	Høy	Høy	Mod	Høy	Høy
4	Mod	Høy	Mod	Høy	Mod	Høy
5	Mod	Mod	Mod	Høy	Lav	Mod
6	Mod	Lav	Lav	Lav	Lav	Lav
7	Mod	Lav	Mod	Lav	Mod	Mod
8	Lav	Lav	Lav	Lav	Lav	Lav
9	Lav	Lav	Lav	Lav	Lav	Lav
10	Lav	Lav	Lav	Mod	Lav	Lav
11	Lav	Lav	Lav	Lav	Lav	Lav
12	Lav	Lav	Lav	Lav	Lav	Lav
13	Lav	Lav	Lav	Lav	Lav	Lav

Figur 5. Ekspertgruppa for trafikklssystemets hovedkonklusjoner for lakseluspåført dødelighet på postsmolt av villaks i perioden 2016-2021

Det er også verdt å merke seg at flere av lokalitetene i og like utenfor planområdet er eller har vært rammet av pankreassykdom (pancreas disease – PD). PD er en alvorlig smittsom virussykdom hos laksefisk i sjvannsoppdrett, forårsaket av Salmonid alphavirus (SAV). Ifølge Veterinærinstituttets fiskehelse rapport fra 2020, er PD vurdert som den femte største utfordringen i forhold til dødelighet,

dårlig vekst og redusert velferd⁶. Smittefaren til villaks er vanskelig å dokumentere, ettersom smittet villfisk vil dø og forsvinne i havet, men et føre-var-perspektiv er nødvendig.

Villaks i planområdet

Når det gjelder status for villaksen i enkeltelver viser vi til et innspill sendt 31.01.2022 fra Styret i Stordal Elveeigarlag ved leder Jarle Hove til trude.lian@henninglarsen.com og Emma.Kuskemoen@fjord.kommune.no. Norske Lakseelver stiller seg bak dette innspillet.

Et kartutsnitt fra VRLs nettsider med bestandsstatus for elvene i planområdet viser at de tre elvene som munner ut innerst i Storfjorden har svært dårlig (Stordalselva, Strandaelva) og dårlig status (Valldalselva) etter Kvalitetsnormen. Flere av elvene i nabofjordene har også status som svært dårlig.



Figur 5. Utsnitt med Storfjorden, hentet fra VRLs kartløsning med status for laksebestandene i ulike vassdrag⁷

Den totale oversikten over anadrome elver i området, ligger i lakseregisteret til Miljødirektoratet (Figur 6)⁸. Ikke alle elvene er overvåket av VRL, men 101.1Z Ørskogelva og 100.3Z Vagsvikselva er eksempler på elver som er vurdert etter forenklet kvalitetsnorm av VRL. Begge disse får påvirkningsstatus 3 fra lakselus. Det er høyeste nivå (utsnitt fra lakseregisteret). Ramstadelva er ikke vurdert, men stengt for fiske pga. svært lavt høstbart overskudd.

⁶ Fiskehelse rapporten 2020. Veterinærinstituttet rapportserie nr 41a/2021

⁷ <https://www.vitenskapsradet.no/VurderingAvEnkeltestander/#/map>

⁸ <https://laksekart.fylkesmannen.no/>

I direktivet heter det; «Formålet med dette direktiv er å fastsette en ramme for vern av innlands overflatevann, brakkvann, kystvann og grunnvann for å ...

c) sikte mot styrket vern og forbedring av vannmiljøet, blant annet gjennom spesielle tiltak for gradvis reduksjon av utslipp og tap av prioriterte stoffer og opphør eller utfasing av utslipp og tap av prioriterte farlige stoffer.»

Kommunen skal holde seg innenfor rammen av loven ved planlegging. Ut fra normalt lovhierarki, hvor nyeste lov står over tidligere lover ved motstrid, står naturmangfoldloven med vanddirektivet over tidligere lover.

Implementering av naturmangfoldloven og vanddirektivet, er noe kommunen er pålagt å legge til grunn ved arealplaner. Det er med andre ord ikke noe kommunen kan velge å se bort fra.

Et krav fra kommunen om begrenset utslipp av organisk materiale vil oppfylle punkt C) i vanddirektivet. Dette vil i realiteten bety akvakultur med en annen teknologi enn åpne merder i sjøen. Kommunen har derfor både en lovpålagt plikt til å oppfylle naturmangfoldloven (vanddirektivet) og en rett til å stille betingelser ved tillatelser til akvakultur.

På bakgrunn av dette, foreslår Norske Lakseelver at følgende formulering tas inn i felles sjøarealplan for Fjord, Stranda, og Sykkylven kommune:

Fjord, Stranda, og Sykkylven kommune ønsker en forutsigbar og bærekraftig vekst i akvakultur. For å få til dette stilles følgende teknologinøytrale funksjonskrav med hjemmel i Plan- og bygningsloven, naturmangfoldloven og vanddirektivet:

Innen 2030 skal akvakulturanleggene i kommunen være rømmingssikre og ikke slippe ut egg eller frittsvømmende stadier av lakselus. Partikulært avfall skal samles og resirkuleres slik at viktige ressurser som bl.a. fosfor kan gjenbrukes. For nye anlegg, konsesjoner eller lokaliteter, gjelder kravene umiddelbart.

Funksjonskravet har en gigantisk oppside: Framtidig, forutsigbar vekst i oppdrett og inntekter og arbeidsplasser til kommunen, samtidig som man bevarer og styrker levekårene for villaks og sjøørret. I tillegg til at negativ påvirkning på vill laksefisk fra lus og rømming elimineres, vil funksjonskravet gi ytterligere, store miljøgevinster og dyrevelferdsmessige forbedringer. Som eksempler kan det nevnes ingen negativ påvirkning på reker og andre krepsdyr, ingen overgjødsling lokalt, ingen behov for rensefisk, ingen behov for mekanisk eller kjemisk avlusing, liten eller ingen smittefare mellom anlegg, ingen problemer for oppdrettslaks med lokale algeoppblomstringer siden inntaksvann kan hentes på dypet, og heller ikke stor sårbarhet for varmere overflatevann i havet som vil komme på grunn av klimaendringer.

Virkemidler for en overgang til bærekraftig oppdrett

Høste 2021 publiserte Menon Economics en rapport der de har vurdert ulike virkemidler for vern av miljø, bedre fiskevelferd og økt verdiskapning. Rapporten ble laget på oppdrag fra Norske Lakseelver og stiftelsen Reddvillaksen. Rapporten konkluderer med at et tilbud om vekst i bytte mot en overgang til oppdrett med strengere miljøkrav vil være et kraftig virkemiddel¹⁰. En slik konverteringsstrategi er også foreslått av Roger Hofseth, Administrerende direktør i oppdrettsselskapet Hofseth International¹¹. Hvis tilbud om vekst kombineres med en miljøavgift for de som ikke konverterer, blir virkemiddelet ifølge Menon enda sterkere. Utredningen til Menon ligger nå på bordet til de politiske partiene, og vi har ennå ikke hørt noen motforestillinger når vi har presentert den.

¹⁰ Grønvik O.M. & Grünfeld L.A. (2021). Havbruk: Nye virkemidler for vern av miljø, bedre fiskevelferd og økt verdiskapning. Menon-publikasjon Nr. 79/2021.

¹¹ <https://www.smp.no/meninger/leserinnlegg>

Hvis det ikke skjer driftsendringer i nærmeste fremtid, vil man seigpine både oppdrettere og villaks, og en uunngåelig utflagging til andre produksjonsområder eller andre land blir resultatet. Dette er det ingen som ønsker når man ser på det økonomiske bidraget og antallet arbeidsplasser oppdrettsindustrien leverer langs kysten. Med et grønt skifte og overgang til nye driftsformer, kan dette bevares og utvikles, parallelt med at styrkede villaksbestander og renere fjorder vil gi kommunen et oppsving innenfor turisme og reiseliv.

Med vennlig hilsen



Torfinn Evensen

Generalsekretær
Norske Lakseelver



Sigurd Hytterød

Fagsjef
Norske Lakseelver

Felles sjøarealplan for Fjord, Stranda og Sykkylven kommune

Magne Alstadsæter <magneals@outlook.com>

ma. 14.02.2022 16:10

Til: Trude Krokenes Lian <trude.lian@henninglarsen.com>

Det er ikke ofte du mottar e-post fra magneals@outlook.com. [Les hvorfor dette er viktig.](#)

Takk for invitasjonen.

Det er prisverdig at dette temaet blir tatt opp no, og det er på høg tid.

HISTORISK TILBAKEBLIKK PÅ STORFJORDEN

Fjorden var i tidlegare tider den einaste ferdselsåra i store delar av Storfjorden. Rundt 1920 starta fylkesrederiet MFR opp rutetrafikken i Storfjorden. Etter kvart kom også både norske og utenlandske turistar på besøk for å oppleve og sjå dei norske fjordane. Rundt 1930 kunne dampskipa som trafikkerte i fjorden også ta med bilar. Trollstigen vart ferdigstilt i 1936 og då auka biltrafikken betydeleg. På denne tida vart det sett i gang bygging av Norges første spesialbygde turistferje som skulle settast inn i ruta mellom Valldal og Geiranger. Dette vart eit direkte resultat av opninga av Trollstigen. I år er det 85 år sidan bilferja Geiranger revolusjonerte turisttrafikken på Storfjorden. Denne ferja vart bygd av statlege midlar. Som eit resultat av at ferja gjekk på fjorden stifta framsynte personar Storfjordens venner i 1975 som hadde som formål å restaurere å ta vare på dei gamle og fråflytta gardane langs Storfjorden. Ingen norsk fjord har så mange attraksjonar og kultur å vise fram til turistane enn nettopp Storfjorden. Denne stiftinga har i 47 år fått mange millionar kroner i statlege tilskudd for å restaurere å vedlikehalde dei mange fjellgardane langs Storfjorden.

KONKLUSJON REISELIV/TURISME I STORFJORDEN

Det er naudsynt å ha ei stødig styring og eit interkommunalt samarbeid om forvaltninga av ressursane i Storfjorden. For ca 20 år sidan gjorde Stortinget vedtak om å opprette Nasjonale Turistvegar utan å sjå det i samheng med dei norske fjordane som er mest kjend for utlendingane i generasjonar tilbake. Det er svært viktig å sjå ein samheng mellom fjorden og bygging av infrastruktur i dei forskjellige tettstadane i fjorden. Som eit pilotprosjekt burde ein få ein pararell til nasjonale turistvegar å gje Storfjorden status som Nasjonal Turistfjord.

OPPDRETT I STORFJORDEN

Heilt tilbake på 1970 tallet har det eksistert oppdrett av laks i delar av Storfjorden. Idag forelegg det storstilte planar om landbasert oppdrett i Raudbergvika i innløpet til Sunnlyvsfjorden. Med tanke på folketallsutviklinga og mangel på arbeidsplassar må ein ta hensyn til denne viktige næringa i framtida.

KONKLUSJON

Konklusjonen er vel at det er bedre å fortelle cruiseturistane som seilar forbi at det er eit landbasert oppdrettsanlegg inne i fjellet, enn å vise fram eit nedlagt steinbrudd.

Mvh Magne Alstadsæter



Virusfri. www.avg.com

SV: Interkommunal plan sjøareal

Christian Hagerup Reinshol <christian.reinshol@stim.no>

on. 23.08.2023 18:00

Til: Arild Sunde Rinnan <arild.sunde.rinnan@sykkylven.kommune.no>

Kopi: Njell Inge Hoftun <njell.hoftun@sykkylven.kommune.no>; Christian Dunker Furuly <christian.furuly@henninglarsen.com>

[ADVARSEL] Avsender på denne eposten er utanfor Sykkylven kommune. Ikkje klikk på lenke eller opne vedlegg om du ikkje kjenner avsendar eller er trygg på at innhaldet er sikkert..

Hei igjen,

Beklager seint svar på denne, det tok litt tid med klarering med kunden kombinert med sjukdom i heimen.

Her er ei oversikt på dei lokalitetane som me har sett på i Sykkylven for forskeoppdrett. Eg ser at lokaliteten på Raudbergane er i nærleiken av eit innspel som er teke ut av planen, så mogleg at det er nokre interesser der som kan vere i konflikt, mellom anna gardstun/fritidsbustader i området. Me har prøvd å tilpasse plasseringa mot dette, så får de evt sjå korleis de vurderer det.

Vidare har me foreslått moglege område mellom Rundesteinsvika og Sandvika. Me ser at det er teke ut eit område som kom tett på Sandvika, men har foreslått eit nytt område (Marbeitura) som vil kome lenger frå gardsbruket på Sandvika. Det er noko kort avstand til lokaliteten Gudmundset på nordsida av fjorden, men om det er annan art enn laks så kan det vere mogleg å få etablert ein lokalitet her sjølv om det er noko nært eksisterande lokalitet. Om lokalitetar er i same brakkleggingssone kan også avstand vurderast annleis enn minstekravet mellom brakkleggingssonar på 5 km.

Flytter ein litt på akvakulturområdet som allereie ligg i planen (Svartessa), så får ein moglegheit itl å etablere ein ekstra lokalitet utan at ein kjem for tett på busetnaden på Lassejordet kan det sjå ut til.

Me har også sett på moglegheiter på Kjeflåneset, men her må det vurderast om det kjem for tett på farleia då det er noko trangt i fjorden.

Ta gjerne ein kikk på dette og så kan me gjerne ta eit Teams-møte for å diskutere vidare om det er aktuelt.



Høyrer frå deg!

Beste helsing

Christian Hagerup Reinshol

Plan- og Arealavdelingen



Fra: Arild Sunde Rinnan <arild.sunde.rinnan@sykkylven.kommune.no>
Sendt: onsdag 9. august 2023 12:43
Til: Christian Hagerup Reinshol <christian.reinshol@stim.no>
Kopi: Njell Inge Hoftun <njell.hoftun@sykkylven.kommune.no>; Christian Dunker Furuly <christian.furuly@henninglarsen.com>
Emne: SV: Interkommunal plan sjøareal

Tenker du i første omgang ikkje legg så mykje arbeid i det sånn presentasjonsmessig, men får sendt over kvar desse lokalitetane ligg sånn at kommunen kan ta ei vurdering om dette er forslag vi ønsker å gå vidare med eller stopper no. Kommunen vil då vurdere arealbruken i sjø opp mot arealbruk på land og andre omsyn vi er kjent med.

Sender over eit oversiktskart over kvar akvakulturlokalitetan i planen ligg no (rosa farge + den med raud sirkel) og lokaliteter som er foreslått, men kommunen har valgt å ikkje ta med vidare (raudt kryss)

Om det er lokaliteter vi synes er interessante og kan tenke oss å ha inn i planen får vi ha ein vidare dialog med dykk og Rambøll/Henning Larsen om kva evt. utgreiingar som må på plass på kva stadie. Det nærmer seg høyring så vi må også vurdere saman med dei konsekvensen av å ta inn nye innspel på dette stadiet i forhold til frister og liknande.
Høyrer frå deg.

Stranda kommune:
cato.andersen@stranda.kommune.no
ruth.blakstad@stranda.kommune.no

Fjord kommune:
daria.klymenko@fjord.kommune.no
martin.flatmo.hove@fjord.kommune.no

Mvh,
Arild Sunde Rinnan
Arealplanleggar
Tlf. 94 78 46 89 Tlf. sentralbord 70 24 65 00
arild.sunde.rinnan@sykkylven.kommune.no



Vi gjer merksam på at e-post til og frå Sykkylven kommune i utgangspunktet er journalpliktig etter arkivlova, og også vil vere eit offentleg saksdokument som andre vil kunne få innsyn i etter reglane i offentleglova.

Frå: Christian Hagerup Reinshol <christian.reinshol@stim.no>
Send: 9. august 2023 10:41
Til: Arild Sunde Rinnan <arild.sunde.rinnan@sykkylven.kommune.no>
Kopi: Njell Inge Hoftun <njell.hoftun@sykkylven.kommune.no>
Emne: SV: Interkommunal plan sjøareal

[ADVARSEL] Avsendar på denne eposten er utanfor Sykkylven kommune. Ikkje klikk på lenke eller opne vedlegg om du ikkje kjenner avsendar eller er trygg på at innhaldet er sikkert..

Hei!

Ja, me ser på eit par moglegheiter i Sykkylven, og også vidare innover i dei to andre kommunane der me ser at det kan vere gode lokalitetar. Så om du har kontaktinfo til dei andre kommunane også så er det fint, så kan eg opprette dialog der også.

Er elles svært einig i at det vil vere ein fordel om me får inn desse innspela i første runde, så eg skal hive meg rundt og få laga til innspela. Utover sjølve arealet, er det noko de ynskjer me ser på eller problematiserer i innspellet? Me har gjort ei grovsortering på at me ikkje kjem i konflikt med andre areal/naturinteressar, men har ikkje gått i djupna på det eller laga noko notat så langt. Me har heller ikkje gjort analysar av moglege fortøyingar, men det kan me gjerne sjå på når me har fått inn dei første innspela og hatt litt meir dialog rundt desse. Me har eit samarbeid med Selstad om fortøyinganalysar, men der er det mykje ferie om dagen og det er best å gjere den jobben når me har fått avklart litt meir rundt lokalitetane.

Beste helsing

Christian Hagerup Reinshol
Plan- og Arealavdelingen

Thormøhlensgate 55 | 5008 Bergen
M: +47 99 52 34 77
E-mail: christian.reinshol@stim.no
www.stim.no



Fra: Arild Sunde Rinnan <arild.sunde.rinnan@sykkylven.kommune.no>
Sendt: onsdag 9. august 2023 10:27
Til: Christian Hagerup Reinshol <christian.reinshol@stim.no>
Kopi: Njell Inge Hoftun <njell.hoftun@sykkylven.kommune.no>
Emne: SV: Interkommunal plan sjøareal

Hei Christian,
Kva kommune blir desse lokalitetane Statt torsk har sett seg ut liggande i? Er det Sykkylven?

Eg kan ikkje snakke for dei andre kommunane, men om det er i Sykkylven så ser eg det ein fordel å få desse vurdert no, før offentleg ettersyn, slik at først vi kan vurdere om vi vil ta det inn i planforslaget og seinare at fylkesnivået får moglegheit til å uttale seg om det. Så send gjerne over så vi kan sjå på det så raskt som mogleg.

Om det ligger i dei andre kommunene kan eg gi deg kontaktinfo dit slik at du kan ha ein vidare dialog med dei.

Overordna så er det Rambøll/Henning Larsen v/ Christian Dunker Furuly som er konsulent på planen, så dei vil vi involvere i arbeidet/vurderingane.

Mvh,
Arild Sunde Rinnan
Arealplanleggar
Tlf. 94 78 46 89 Tlf. sentralbord 70 24 65 00
arild.sunde.rinnan@sykkylven.kommune.no



Vi gjer merksam på at e-post til og frå Sykkylven kommune i utgangspunktet er journalpliktig etter arkivlova, og også vil vere eit offentleg saksdokument som andre vil kunne få innsyn i etter reglane i offentleglova.

Frå: Christian Hagerup Reinshol <christian.reinshol@stim.no>
Send: 8. august 2023 16:17
Til: Arild Sunde Rinnan <arild.sunde.rinnan@sykkylven.kommune.no>
Emne: Interkommunal plan sjøareal

[ADVARSEL] Avsendar på denne eposten er utanfor Sykkylven kommune. Ikkje klikk på lenke eller opne vedlegg om du ikkje kjenner avsendar eller er trygg på at innhaldet er sikkert..

Hei Arild!

Eg har snakka med Statt torsk som gjerne ville komme med innspel til sjøplanen om det framleis er opning for det?

Me har sett litt på lokalitetar og har kome fram til nokre forslag som me gjerne kunne spelt inn og evt diskutert litt med dykk om det framleis er høve til å spele inn. Eg ser at nokre av dei er i kombinerte føremål som låg i utkastet som var oversendt frå plankonsulenten tidlegare, der det ikkje er opna for akvakultur. Så tenker det kan vere greitt å ta ein dialog rundt lokalitetane om det skulle vere nokre utfordringar knytt til plassering, så går det an å luke vekk utan at det er naudsynt med noko KU-arbeid på det.

Beste helsing

Christian Hagerup Reinshol
Plan- og Arealavdelingen

Thormøhlensgate 55 | 5008 Bergen
M: +47 99 52 34 77
E-mail: christian.reinshol@stim.no
www.stim.no

